



Fast vegsamband Halsnøy – Kvinnherad fastland

**Arkeologiske granskinger på Kvitevoll gnr.198 bnr.1-2
Halsnøy, Kvinnherad kommune, Hordaland fylke**



**Ørjan Engedal, Heidi Handeland, Kari K. Kristoffersen.
Med bidrag av Arguitxu de la Riba Caballero.**

**Bergen Museum
Universitetet i Bergen 2006**

Innhald

| | |
|---|-----------|
| <i>Liste over figurar</i> | 4 |
| <i>Liste over tabellar</i> | 6 |
| <i>Føreord</i> | 7 |
| <i>Samandrag</i> | 8 |
| <i>Bakgrunn for frigivingsundersøking</i> | 8 |
| <i>Kulturhistorie i området rundt Kvitevoll</i> | 8 |
| <i>Skildring av området</i> | 9 |
| <i>Felt A – sør for gardsvegen på Kvitevoll</i> | 13 |
| <i>Målsetnad og metode</i> | 13 |
| <i>Målesystem</i> | 13 |
| <i>Metode</i> | 13 |
| <i>Naturvitskaplege prøvar</i> | 14 |
| <i>Granskinga</i> | 14 |
| <i>Struktur 3</i> | 14 |
| <i>Struktur 2</i> | 15 |
| <i>Andre strukturar</i> | 15 |
| <i>Stratigrafi</i> | 15 |
| <i>Vurdering av strukturar</i> | 16 |
| <i>Naturvitskaplege prøvar</i> | 18 |
| <i>Gjenstandsfunn</i> | 19 |
| <i>Steinalderfunn</i> | 19 |
| <i>Bronsealderfunn</i> | 19 |
| <i>Jernalderfunn</i> | 21 |
| <i>Felt B – nord for gardsvegen på Kvitevoll</i> | 41 |
| <i>Målsetnad og metode</i> | 41 |
| <i>Forløp</i> | 41 |
| <i>Målesystem</i> | 41 |
| <i>Fotos og teikningar</i> | 42 |
| <i>Eldre bronsealder</i> | 42 |
| <i>Hus 8</i> | 43 |
| <i>Hus 10</i> | 45 |
| <i>Eldre jernalder gardsanlegg</i> | 46 |
| <i>Hus 7</i> | 47 |
| <i>Hus 9</i> | 51 |
| <i>Innhegningar</i> | 54 |
| <i>Hus 11</i> | 57 |
| <i>Andre strukturar</i> | 58 |
| <i>Eit usikkert hus 6</i> | 58 |
| <i>Ardspor</i> | 60 |
| <i>Groper</i> | 60 |
| <i>Lause stolpar og fyllskifte</i> | 63 |
| <i>Mellomalder og mogleg etterreformatorisk materiale</i> | 65 |
| <i>Kort kulturhistorisk oppsummering</i> | 77 |
| <i>Litteratur</i> | 78 |

| | |
|--|------------|
| Vedlegg 1 Funnkatalog | 79 |
| <i>Funnkatalog, felt A (Aks.25/02)</i> | 79 |
| B16155 | 79 |
| B16156 | 79 |
| B16157 | 80 |
| B16158 | 80 |
| B16159 | 81 |
| <i>Funnkatalog, felt B (Aks.25/02)</i> | 81 |
| B 16202 | 81 |
| B16203 utgår | 82 |
| B 16204 | 82 |
| B 16205 | 82 |
| B 16206 | 82 |
| B 16207 | 82 |
| B 16208 | 83 |
| B 16209 | 83 |
| B 16210 | 83 |
| BRM 595 | 84 |
| Vedlegg 2 Liste over strukturar | 85 |
| Felt A | 85 |
| Felt B | 86 |
| Vedlegg 3 Liste over 14C -dateringer | 94 |
| Dateringsresultat felt A | 94 |
| Dateringsresultat felt B | 94 |
| Laboratorieskjema, Beta Analytic | 95 |
| Vedlegg 4 Vitenskaplege prøver | 100 |
| Felt A | 100 |
| Felt B | 100 |
| Vedlegg 5 Treartsanalyse av Helge Irgens Høeg | 105 |
| Vedlegg 6 Fosfatanalyse av Sverre Bakkevig | 106 |
| Vedlegg 7 Zoologiske undersøkelser | |
| <i>av Arguitxu de la Riba Caballero</i> | 111 |

Liste over figurar

Framsida: Asbestkeramikk B16156/1p, og planteikning av hus 7 og 8.

| | |
|--|----|
| Figur 1. Kart over deler av Kvinnherad kommune med undersøkingsområdet på Kvitevoll avmerka. | 10 |
| Figur 2. Undersøkingsområdet på Kvitevoll med området der felt A og felt B ligger er avmerka. | 11 |
| Figur 3. Oversikt over Felt A med strukturer teikna inn. | 12 |
| Figur 4. Struktur 28 i plan. | 17 |
| Figur 5. Struktur 28 i snitt. | 18 |
| Figur 6. Terminologi for kar | 21 |
| Figur 7. Profil III i sjakt 3 i felt A. | |
| Figur 8. Profil IV, sjakt 4 i felt A. | 23 |
| Figur 9a. Profil VII hovedprofil(forts). | 24 |
| Figur 10b. Profil VII hovedprofil. | 25 |
| Figur 11. Oversikt, mot nord (Foto DSCN140) | 26 |
| Figur 12. Situasjon ved utviding. Mot N-NØ. (Foto DSCN 1455) | 26 |
| Figur 13. Situasjon ved graving. Mot NØ (Foto DSCN1476) | 26 |
| Figur 14. Situasjon ved graving sentralt i str.2 (DSCN 1486) | 27 |
| Figur 15. Situasjon ved graving sentralt i str.3 (DSCN 1485) | 27 |
| Figur 16. Snitt langs 163y, gjennom steinsamling, mot nordaust (DSCN 1529) | 27 |
| Figur 17. Snitt langs 164y, gjennom steinsamling. Mot V-SV (Foto DSCN1528) | 28 |
| Figur 18. Profil snitt i str.22. Mot N (Foto DSCN1499) | 28 |
| Figur 19. Profil snitt i str.23. Mot N (Foto DSCN1498) | 28 |
| Figur 20. Etter graving av lag B. Str.27 i plan til høgre i biletet. Mot N (Foto DSCN1488) | 29 |
| Figur 21. Profilsnitt i str.27. Mot N (Foto DSCN1491) | 29 |
| Figur 22. Str.29 i plan. Mot N (Foto DSCN1484) | 29 |
| Figur 23. Str.29 I plan, mot aust (DSCN 1514) | 30 |
| Figur 24. Profilsnitt I str.28 (profil B), mot nord (1518) | 30 |
| Figur 25. Profilsnitt I str.28 (profil D), mot S (1520) | 30 |
| Figur 26. Profil VII, seksjon Q og R (1005) | 31 |
| Figur 27. Profil VII, seksjon S og T (1006) | 31 |
| Figur 28. Profil VII, seksjon W og Y (1008) | 31 |
| Figur 29. Profil VII, seksjon Y og Z (1009) | 31 |
| Figur 30. Nakkeparti av firesidig grønnsteinsøks, | |
| Figur 31. Nakkeparti av firesidig teikna av Ellinor Hoff (B16155/2) grønnsteinsøks, foto (B16155/2) | 32 |
| Figur 32. Grønnsteinsøks, ryggside, teikna av | |
| Figur 33. Grønnsteinsøks, ryggside, Ellinor Hoff (B16155/1) foto (B16155/1) | 32 |
| Figur 34. Grønnsteinsøks, bukside, foto (B16155/1) | 32 |
| Figur 35. Flateretusjert pilspiss (B16157/2) | |
| Figur 36. Flateretusjert pilspiss (B16157/1) | 33 |
| Figur 37. Flateretusjerte pilspissar, B16157/2 til venstre og B16157/1 til høgre. | 33 |
| Figur 38. Asbestkeramikk (B16156/1p) | 34 |
| Figur 39. Asbestkeramikk (B16156/1e) | 34 |
| Figur 40. Asbestkeramikk, sideskår (B16156/1p, -/1e og -/1r). | 34 |
| Figur 41. Asbestkeramikk, botnskår, teikna av Ellinor Hoff (B16156/1f) | 35 |
| Figur 42. Asbestkeramikk, botnskår, teikna av Ellinor Hoff (B16156/1b) | 35 |
| Figur 43. Asbestkeramikk, botnskår, teikna av Ellinor Hoff (B16156/1a) | 35 |
| Figur 44. Asbestkeramikk, botnskår, foto (B16156/1b og -/1a) | 35 |
| Figur 45. Asbestkeramikk, randskår, (B16156/1d), teikna av Ellinor Hoff. | 36 |
| Figur 46. Flis av råasbest (B16157/20). | 36 |
| Figur 47. Randskår av sand/kvartsmagra keramikk, teikna av Ellinor Hoff (B16156/2d). | 36 |
| Figur 48. Randskår av sand/kvartsmagra keramikk, teikna av Ellinor Hoff (B16156/1c). | 36 |
| Figur 49. Randskår av sand/kvartsmagra keramikk, teikna av Ellinor Hoff. Foto av samme til høgre (B16156/2a). | 36 |
| Figur 50. Sideskår av sand/kvartsmagra keramikk (B16156/2b) | 37 |
| Figur 51. Munningsfragment av smeltedigel (B16156/3) | 37 |
| Figur 52. Keramikkskår av ulike typer (B16156/2b, -/2e, -/2f, -/3). Siste er truleg eit munningsfragment av ein smeltedigel. | 37 |
| Figur 53. Brent leire med kvistavtrykk (B16156/4) | 38 |

| | |
|---|----|
| Figur 54. Brent leire med kvistfragmenter (B16156/4). | 38 |
| Figur 55a og b. Perle av ravfarga glas (teikning og foto) (B15169/1). Teikna av Ellinor Hoff | 39 |
| Figur 56. Bryne av skifer (B15167/3). | 39 |
| Figur 57. Ulike brynefragment, lausfunn (B16159/5, 16157/3, B16159/6, B16159/4) | 39 |
| Figur 58. Oversikt over felt B med strukturar innteik | 40 |
| Figur 59. Hus 8 plan. Dei tre små strukturane på vestsida kan vere spor etter veggkonstruksjonen. Teikninga er orientert N-S. Str. 8 -08 er ei veggrille. | 43 |
| Figur 60. Snitt av takberande stolpar i hus 8 (skildring av masse sjå tab.1). | 43 |
| Figur 61. Hus 10 plan. Teikninga er orientert N-S. | 45 |
| Figur 62. Snitt av stolpar i hus 10. Målestokken gjeld snitteikninga (skildring av masse sjå tab.2). | 45 |
| Figur 63 a og b. Hus 7 plan. Sikre strukturar til venstre. Til høgre forslag til mogelege veggstolpar. Gitt talet på strukturar i området er fleire tolkingar mulege, sjå oversiktsteikning. Teikningane er orientert N-S. | 47 |
| Figur 64. Snitt av stolpar i hus 7. | 47 |
| Figur 65. Hus 9 plan. Teikninga er orientert N-S. Str.539 er ikkje del av hus 9. | 51 |
| Figur 66. Snitt av eldstad S 535. | 52 |
| Figur 67. Snitt av takberande stolpar i hus 9. | 52 |
| Figur 68. Døme på strukturar og fyllskifte rundt S 1. | 55 |
| Figur 69. Veggrilla str.9-19 til hus 11 vist i relasjon til hus 9. Teikninga er orientert N-S. | 57 |
| Figur 70. Nedgravingar tolka som mulege stolpar i 'hus 6'.Str.6-19 vart ikkje tikna. | 58 |
| Figur 71. Nordprofil. Viser tjukke dyrkingslag i nordlege ende av feltet og hus 6. | 60 |
| Figur 72. Tunet på Kvitevoll og felt B før avdekking. Tatt mot SV. | 66 |
| Figur 73. Veggriller i hus 8 og 7. Tatt mot S-SØ. | 66 |
| Figur 74. Felt B mot Ø. | 67 |
| Figur 75. Tydelege ardspar. Tatt mot S. | 67 |
| Figur 76. Hus 8 med markerte stolpar. Tatt mot S-SØ. | 68 |
| Figur 77. Hus 7 med markerte stolpar. Mot N. | 68 |
| Figur 78. Hus 9 med markerte stolpar og veggrille. Mot N-NV. | 68 |
| Figur 79. Snitt av stolpe 9-15. Mot NV. | 69 |
| Figur 80. Snitt av stolpe 9-16. Mot NV. | 69 |
| Figur 81. Snitt av stolpe 8-01. Mot N. | 69 |
| Figur 82. Snitt av stolpe 8-05. Mot N. | 69 |
| Figur 83. Stolpe 7-57, profil. Tatt mot N-NV. | 70 |
| Figur 84. Stolpe 7-101 og 7-17, profil. Tatt mot NV. | 70 |
| Figur 85. Stolpe 7-14 profil. Tatt mot NØ. | 70 |
| Figur 86. Stolpe 7-102, profil. Tatt mot N. | 70 |
| Figur 87. Struktur 7-23 i enden av 7-01 | 70 |
| Figur 88. Fig.83. Snitt av 7-23 og 7-01. Tatt mot N(til høgre i biletet). Tatt mot Ø | 70 |
| Figur 89. Husstr. 7-28 med omliggande strukturar, plan. | 70 |
| Figur 90. Husstr. 7-28 profil. Tatt mot N. | 70 |
| Figur 91. Arbeid på S 1. S 657 i framgrunnen. Mot V. | 71 |
| Figur 92. Avslutning på S 657. Mot V. | 71 |
| Figur 93. Snitt av S 657. Mot N. | 71 |
| Figur 94. Str.6-11 profil. Mot Ø. | 72 |
| Figur 95. 6-12 profil. Mot N. | 72 |
| Figur 96. 6-13 profil. Mot N. | 72 |
| Figur 97. 6-14 profil. Mot N. | 72 |
| Figur 98. 6-16 profil. Mot N. | 72 |
| Figur 99. 6-22 profil. Mot NNV. | 72 |
| Figur 100. 6-52 plan. Mot V. | 73 |
| Figur 101. 6-09 profil. Mot N. | 73 |
| Figur 102. 6-50 profil. Mot N. | 73 |
| Figur 103. Kvartsmagra keramik (B16210/1a-e). | 74 |
| Figur 104. Kvartsmagra keramik (B16210/2d og B16210/2c). | 74 |
| Figur 105. Keramikkskår frå stolpe i hus 8 (B16204/1a-b). | 74 |
| Figur 106. Brent leirklining med stråmerke (B16210/10a). | 75 |
| Figur 107. Brent leire, magra med bergart (B16210/10b). | 75 |
| Figur 108. Glasert klump av leire, slagg, stein og sand frå S 534 (B16210/5). | 75 |
| Figur 109. Retusjert flekkeliknande avslag frå S 841 (B16202/9). | 76 |
| Figur 110. Flint frå ulike delar av feltet (B16202). | 76 |
| Figur 111. Steingods (BRM595/1). | 76 |

Liste over tabellar

| | |
|--|----|
| <i>Tabell 1. Takberande stolpar og veggrille i hus 8.</i> | 44 |
| <i>Tabell 2. Takberande stolpar i hus 10</i> | 46 |
| <i>Tabell 3. Strukturar tilhøyrande veggrille hus 7.</i> | 48 |
| <i>Tabell 4. Sikre stolpar i hus 7, serie A.</i> | 49 |
| <i>Tabell 5. Strukturar ikkje tilhøyrande serie A på husflata til hus 7.</i> | 51 |
| <i>Tabell 6. Takberande stolpar, eldstad og veggrille i hus 9.</i> | 53 |
| <i>Tabell 7. Groper på husflata til hus 9.</i> | 54 |
| <i>Tabell 8. Tab.8. Skildring av trekolflak S 566.</i> | 55 |
| <i>Tabell 9. Skildring av innhegningar S 657 og S 841</i> | 57 |
| <i>Tabell 10. Strukturar i 'hus' 6.</i> | 59 |
| <i>Tabell 11. Skildring av groper.</i> | 62 |
| <i>Tabell 12. Skildring av lause stolpar og fyllskifte.</i> | 64 |
| <i>Tabell 13. Skildring av S 440 og S 466.</i> | 65 |

Føreord

Denne rapporten gir eit oversyn over dei arkeologiske undersøkingane i samband med reguleringsplanarbeidet for bygging av fast vegsamband mellom Halsnøy og fastlandet i Kvinnherad kommune i Sunnhordland. Rapporten gir eit oversyn over omfang, metode og gjennomføring av granskingane, og ho presenterer dei to områda som vart undersøkt; felt A i sør og felt B i nord. Dei to områda ligg på innmark under garden Kvitevoll gnr. 198 bnr. 1 og 2. Reguleringsplanen har utløyst gravingar også nord på Halsnøy under garden Sæbø (sjå rapport ved Live Johannessen i Topografisk Arkiv). Hordaland Fylkeskommune utførte også registreringar langs heile vegtraséen (sjå rapport frå Hordaland Fylkeskommune og i Topografisk arkiv).

Prosjektleiinga for undersøkinga på Kvitevoll har bestått av Kari K. Kristoffersen, Heidi Hadeland og Ørjan Engedal som også er ansvarlege for innhaldet i rapporten.

Takk til mannskapet som deltok på feltarbeidet på Kvitevoll for triveleg samvær, grunneigar Audun Hvidevoll og Statens Vegvesen for godt samarbeid. Takkast skal også kollegaer og tilsette både ved Bergen Museum og andre som raust har delt av si erfaring, og svart på mange spørsmål i samband med skrivninga av denne rapporten.

Dei paleobotaniske granskingane vil bli publisert i eigen rapport seinare.

Bergen, 13.september 2007

Ørjan Engedal, Heidi Handeland og Kari Klæboe Kristoffersen

Samandrag

På garden Kvitevoll vart det i samband med reguleringsplan for Halsnøysambandet opna to utgravingsfelt i løpet av 2003 og 2004. Totalt vart det avdekkja rundt 2650 kvm. Det vart påvist to sikre hus frå eldre bronsealder og to sikre hus frå førromersk jernalder, innhegningar, dyrkingslag, rydningar, kokegroper og fleire andre typar aktivitetsspor. Eldre jernalder husa og tre av innhegningane er delvis samtidige, og følgjeleg oppfatta som del av eit gardsanlegg med inngjerda tun. Av gjenstandsfunn var det ein heil del asbestkeramikk og keramikk av anna type, steinreiskapar og avfall etter reiskapsproduksjon. Funna dokumenterer aktivitet på Kvitevoll gjennom lange tidsrom, frå tidleg yngre steinalder til mellomalder, med klare tyngdepunkt i bronsealder og førromersk jernalder. Tjukke dyrkingslag nær husa synest å indikere kontinuitet i bruken av området gjennom store delar av bronsealder og opp i førromersk jernalder.

Bakgrunn for frigivingsundersøking

I samband med reguleringsplan for fast vegsamband mellom Halsnøy og Kvinnherad på fastlandssida, RV 544, Kvitevoll gnr. 198 bnr. 1 og 2, vart det føreteke arkeologiske registreringar i den planlagde vegtrasèen. Registrering vart utført av Kulturseksjonen i Hordaland fylkeskommune i juli og oktober 2000. Undersøkinga påviste mange førhistoriske aktivitetsspor både nord og sør for gardsvegen som tar av frå riksvegen RV60 i austleg retning. For å få eit betre bilete av omfanget av kulturminna føretok Bergen Museum ei forundersøking av området sør for grusvegen september 2003. Den påfølgjande utgravinga gjekk føre seg frå 28. april til 25. juni 2004. I løpet av dette feltarbeidet vart det også gjennomført omvisingar på feltene for skuleklassar frå Tofte skule. Følgjande personar deltok i løpet av undersøkinga:

Kari K. Kristoffersen (prosjektleder, 9 veker), Ørjan Engedal (feltleder felt A, 9 veker), Heidi Handeland (feltleder felt B, 9 veker), Dorthe N. Jørgensen (feltassistent, 8 veker), Sigrid S. Mygland (feltassistent, 8 veker), Ole Tveiten (feltassistent, 4 veker), Karianne F. Nygård (feltassistent, 4 veker), Marit A. Skrede (feltassistent, 2 veker).

Teikna dokumentasjon er digitalisert av Kari K. Kristoffersen, funnteikningane er laga av Ellinor Hoff.

Kulturhistorie i området rundt Kvitevoll

Det er ingen tidlegare kjende funn frå garden Kvitevoll, men nærområdet rundt vitnar om betydeleg aktivitet frå både førhistorisk og historisk tid. På Trones, der ein undersjøisk tunnel skal forbinde Halsnøy med fastlandet, vart det i 2003 grave ein yngre steinalderbuplass (Johannesen 2004). På garden Sjo gnr.192 ligg det eit gravfelt med fleire røyser og bautasteintar. Frå dei næraste gardane rundt Kvitevoll, Sæbø Øvre gnr.193, Sæbø Nedre gnr.194, Tofte Øvre gnr.195, Tofte Nedre gnr.196 og Landa gnr.199, har Per Fett registrert funn frå fleire periodar (Fett 1965). Frå Øvre Tofte er også eitt av dei eldste båtfunna i Noreg kjent, funne ved torvskjering i 1896. Treverk frå Toftebåten er C14-datert til kal 390-535 BC, overgangen romertid/folkevandringstid (Fasteland 1996).

Frå historisk tid indikerer skriftlege kjelder at Halsnøy kloster var ei viktig økonomisk eining i Sunnhordland, Hardanger, Ryfylke og Jæren i høg- og seinmellomalderen. Klostergodset besto av store jordeigedommar utover i regionen, inkludert eigedommar i Bergen. Desse var truleg forbunde med handelsaktivitet. Klosteret hadde også eiga hamn med anløp frå utlandet. Ifølgje skriftlege kjelder skal klosteret vere grunnlagt i 1163-64 av Erling Skakke, i samband med kroninga av sonen Magnus Erlingsson til konge. Klosteret var busett av prestar som levde ifølgje augustinerregelen. Kor vidt klostergodset kom frå Erling si jord eller krona er ikkje kjent, men ifølgje Hans-Emil Lidèn må det ha lege ein gard der klosteret vart oppretta av noko størrelse i forkant (Lidèn 1967).


Frå 1961 til 1964 vart det føretatt utgravingar leia av Hans-Emil Lidèn på klostergrunnen. Fleire funn talar for at dei skriftlege opplysningane om klosteret si grunnlegging på 1100-talet stemmer. Frå denne tidlegaste fasen er det ingen ståande bygningar att. Utgravinga påviste eit brannlag, dette set Lidèn i samband med ombyggingar av klosteret mellom 1250 og 1350. Ombygginga omfatta mellom anna utviding av kyrkja og bygging av ein ny stor vestfløy i gotisk murverk. Vestfløyen i klosteranlegg husa ofte aktivitetar forbunde med utadretta verksemd, som sjukestove, rom for fattige, reisande og tenestefolk. Lidèn viser til fleire argument kvifor vestlege fløy i klosteret neppe kan vere eldre enn andre halvdel av 1200-talet. Restar av denne står framleis i dag (ibid.).

Skildring av området


Utgravingsområdet ligg på dyrka mark like ved nåverande tun på bruk 2 på Kvitevoll gnr.198. Garden ligg på ei høgde ca 55 moh. Høgda går nokså bratt opp frå sjøen på aust- og vestsida. Dei to felta ligg på kvar si side av grusvegen som går inn mot tunet på bruk 1. Marka på begge sider av veggen har vore nytta til grasproduksjon og åker. Feltet på sørsida av veggen blir omtalt som felt A, og feltet på nordsida av veggen som felt B. Sjølv om felta låg nokså tett var tilhøva ulike, så tilnæringsmåte og arbeidsmetode måtte tilpassast kvart felt for seg. Det var heller ikkje hensiktsmessig med eit felles koordinatsystem. Den tekstmessige presentasjonen gjenspeglar også at framgangsmåte og materiale for dei to felta er forskjellig. Vedlegg er samla bak i rapporten.



Figur 1. Kart over deler av Kvinnherad kommune med undersøkingsområdet på Kvitevoll avmerka.



Figur 2. Undersøkningsområdet på Kvitevoll med området der felt A og felt B ligger er avmerka.



Figur 3. Oversikt over Felt A med strukturer teikna inn.

Felt A – sør for gardsvegen på Kvitevoll

Målsetnad og metode

Granskingane på sørfeltet på Kvitevoll hadde som målsetjing å granske og dokumentere kulturlag daterte til eldre bronsealder, og eventuelle strukturar i tilknytning til dette. Området vart avdekka med gravemaskin ned til det funnførande nivået. Arbeidet vidare omfatta oppreinsing av flata og stratigrafiskmekanisk graving og våtsolding av massar, i tillegg til snitting og dokumentering av ulike mindre nedgravingar. På grunnlag av granskingane vart det konkludert med at dei aktuelle kulturlagsavsettingane i all hovudsak skuldast førhistorisk *jordbruksaktivitet*, dvs. rydding, pløying, gjødsling. Det vart ikkje påvist sikre spor etter hus på lokaliteten. Etersom granskinga gav indikasjonar på aktivitet frå tidleg yngre steinalder (TN-MNA) til moderne tid, vart det også lagt ned mykje arbeid i dokumentasjon av den generelle stratigrafien i området. Totalt vart det opna kring 850 kvadratmeter. Den aktuelle kulturlagsresten utgjorde kring 430 kvadratmeter.

Ein strategi for graving og dokumentasjon av felt A vart lagt ut i frå resultata som kom fram ved Kulturavdelinga ved Hordaland Fylkeskommune si registrering i 2000 og Bergen Museum si forundersøking hausten 2003. Her vart det konkludert med at det kunne ligge to husstrukturar med meir eller mindre intakte kulturlag. *Kulturlag* vart i dette tilfellet rekna som *massar avsette ved aktivitetar samtidige med og i relasjon til huskonstruksjonane*. Heller enn ein husgrunn vart det teke høgde for at det meir presist var snakk om ei *mødding*. Mødding ville i dette tilfellet tyde *ein utkastzone utanfor og i relasjon til ei busetjing eller anna aktivitetssone*. Ein gjekk ut frå at desse *kulturlaga* eller *møddingane* var relativt intakte eller i liten grad omrota av yngre jordbruksaktivitet (pløying). Desse hypotesane var grunna i hovudsak på funnkonsentrasjon, kvaliteten på dei funnførande massane (m.a. trekolinnhald og steinsamlingar) og den horisontale utbreiinga av dei funnførande massane.

Eit tredje alternativ utover at dette kunne representere hus eller mødding, var at massane kunne representere restar av rydning og åkerdrift frå tidleg jordbrukande tid.

Ei hovudmålsetjing med prosjektet var såleis å klårlegge situasjonen i høve til dei ovanfor skisserte alternativa, og eventuelt grave ut og dokumentere desse massane med ein høg standard, dvs. ein standard vanlegvis nytta i t.d. typiske steinalder- eller mellomaldergranskingar. Dette ville innebære graving i stratigrafiske einingar, med underinndeling i mekaniske einingar (både i vertikal-og horisontalplan), og våtsolding av massane. Ein gjekk i utgangspunktet ut frå at ein uansett ville måtte prioritere dei mest interessante delar av massane for ein slik granskingsstandard.

Målesystem

Eit overordna koordinatsystem vart lagt ut for heile det opna feltet, etter vanleg standard med x og y koordinatar for å kunne dokumentere funn i flata. I tillegg vart det sett ut to separate koordinatsystem særskild tilpassa dei to moglege husstrukturane for å kunne dokumentere funn gjort i direkte relasjon til husa. Desse vart lagde i tråd med lengderetninga på strukturane. I dette koordinatsystemet vart det nytta bokstavverdiar. **Ved etterarbeidet er alle punkt og einingar rekna om og lagde inn i eit felles, overordna system. Dette er nytta ved merking av funn, i alle tabellar og lister.**

Høgdenivå vart tekne med nivelleringskikkert. Desse vart seinare kalibrerte ved hjelp av innmåling med GPS av fastpunkt (sjå vedlegg).

Metode

Hovudutfordringa ved granskinga var til ei kvar tid å nytte metodar i samsvar med stadig skiftande hypotesar om karakteren til granskingsobjektet. Opprensing vart gjort i meterruter

innanfor struktur 2 og 3. Kvadrantar vart systematisk grave i hovudsak i 5 cm`s lag, men også i 10 til 25 cm lag.

Fleire smale sjakter (25 cm) vart gravne til undergrunnsnivå, utan lagskilje, for snøgt å klårlegge stratigrafi og storleiken på dei aktuelle massane. For å avklåre relasjonar vart det også grave heile 1 meters ruter i 5 cm lag, men også i 10 til 25 cm lag.

Naturvitskaplege prøvar

Det vart teke ut 262 naturvitskaplege prøvar til datering og botanisk analyse. 132 botaniske prøvar er teke inn. Botanikar og zoolog tok i tillegg ut eigne prøvar frå strukturar og profil. 11 prøvar frå utgravinga er daterte ved Beta Analytic Inc. Resultata i teksten er oppgitte med 2 Sigma avvik, tabell over ukalibrerte og kalibrerte resultat er lagt ved (sjå vedlegg). To av trekolprøvene frå felt B er treartsbestemt av Helge Irgens Høeg (sjå vedlegg). Trekol som er vaska ut men ikkje sendte til datering er magasinerte for eventuell seinare bruk.

Fosfatanalyse vart vurdert som ei kjelde til kunnskap om bruken av einskilde bygningar eller område. Også flata på felt B der struktur 1 låg, tolka som innhegning for husdyr, var eit muleg objekt for fosfatanalyse. Over begge dei avdekka felta på Kvitevoll var det mykje leire i grunnen. Ettersom leire har naturleg høgt fosfatnivå ville dette påverke fosfatutslaget. Ettersom det ikkje let seg gjere å skilje mellom moderne og fossilt fosfat vart det vurdert frå botanikar i felt at det ikkje ville vere hensiktsmessig å samle inn fosfatprøvar, ettersom eventuelle kulturelle utslag vanskeleg ville la seg skilje ut frå det naturlege fosfatnivået i området eller frå nyare gjødsling av flatene. (sjå vedlegg).

Granskinga

Hovudmålet med granskinga på sørfeltet var å granske karakteren til to store strukturar som var påviste ved registrering, og i stor grad frilagde ved forundersøkinga. Struktur 2 (nemnd som "hus 2" i registreringsrapport) låg lengst nord, medan struktur 3 (nemnd som "hus 3" i registreringsrapport) låg lengst sør. Allereie ved forundersøkinga fekk ein mistanke om at dei to strukturane moglegvis var *ei* samanhengande stratigrafisk eining. Ein var og i forkant klar over at den moderne forstyrringa var størst i sør, og at struktur 3 så langt hadde gjeve færre gjenstandsfunn.

Struktur 3

Sidan heile struktur 3 var avdekka i flata etter forundersøkinga, starta gravinga her. Her var målet å snøggast mogleg få klårlegge om det her låg ei tuft m/kulturlag, ei mødding eller ein dyrkingsrest. I tillegg til dette var det viktig å få avklarar graden av moderne forstyrring. Vestre "veggvoll" og området rett aust for denne, vart difor reinsa opp i meterruter (langs 162-164y) og våtsolda i 2mm såld. Sidan dette området i stor grad allereie hadde vore reinsa ved registreringa i 2000, må ein rekne med at ein no var nede i det aktuelle laget (lag B). Runde og rektangulære fyllskifte viste seg i 162y, i tillegg til at det kom fram eit randskår, slagg, jern og beinfragment. Den sørlege delen av struktur 3 viste seg å vere forstyrra av moderne aktivitetar (tegl, glas). Også i aust hadde moderne pløying øydelagt strukturen. For å snøgt klårlegge stratigrafi og djupne på massane i struktur 3, vart ein smal sjakkasse III (25 cm) greve nord i 173x, tvers gjennom struktur 3. Nordprofilen i denne var avklarande og peika fyrst og fremst mot at strukturen burde tolkast som eit *dyrkingslag* (profil III, fig.4). For å klårlegge eit eventuelt skilje mellom struktur 3 og struktur 2 vart det lagt ei ny sjakkasse IV vinkelrett på profil III, langs 167y. Sjølv om denne møtte ei større moderne forstyrring i nord, som hindra direkte kontakt med struktur 2, viste vestprofilen (profil IV, fig.5) at avsetjingane var tjukke og at dei ikkje minka nordover. Sjakkassane I og II vart lagt parallelt med sjakkasse III, men sør for denne. Desse påviste høg grad av moderne forstyrring (plast, tegl, porselen). Nokre testruter vart solda innanfor det uforstyrra området, resten vart fjerna med krafse og spade for å få fram eventuelle stolpehol i undergrunnen. Arbeidet vidare i dette

området vart fokusert rundt å avklare stolpehol og andre strukturar gravne ned i undergrunnen (sjå under andre strukturar).

Struktur 2

Struktur 2 låg framleis berre delvis avdekka etter forundersøkinga. Området heilt nord til gardsvegen vart no avdekka. Sidan struktur 2 såg ut til å strekkje seg vidare nordover (under gardsvegen) ville det ikkje vere mogleg å avgrense han i flate. Ein prioriterte difor å få fram ein heil vest-aust retta profil ubrotten av sjakter frå registreringsfasen (profil VII, fig.6a-b) ved å gå gjennom struktur 2 i 2 meters breidde i nord. Feltet vart også utvida austover, og ein dreneringskanal vart greven i nord-sør retning i austre enden av feltet. Struktur 2 vart deretter reinsa opp i meterruter, og dokumentert før gravinga starta. Allereie i opprensfasen dukka det opp ein heil del asbestkeramikk i området 84-89x/164-167y. Dette området vart sidan greve stratigrafisk og kvadrantvis. I andre område av struktur 2 fjerna ein massane i meterruter, nokre stader med krafse. Ein 1 meter brei profilbenk vart skipa i 163 y (nord-sør) og i 91 x (vest-aust). Det viste seg etterkvart arbeidsamt å fjerne massane for hand, særskild i nord, pga. mengda med stein. Nokre større søkk i undergrunnen såg ut til å ha vore plana ut med store mengder stein i forhistorisk tid. Dette tyder truleg på ei tidleg rydding av bakken og området rundt. Det vart ikkje funne indikasjonar på datering av ryddinga. C14 datering frå hovudprofilen syner at det nedste laget er datert til seinneolitikum. Ryddinga kan føregått i eller før seinneolitikum.

Andre strukturar

Ei rekkje fyllskifte like vest for struktur 3 vart snitta. Alle vart avskrivne. Det låg eit langt bryne (fnr. 23, B16159/4) i toppen av ein av strukturane men dette var redeponert. Spora vart tolka som moderne pløyespor sidan matjorddekket her ikkje var meir enn knappe halvmeteren, andre som steinoppstrekk. Ein stor, flat stein vart tolka som ei mogleg grav (struktur 19), og dokumentert i tråd med dette. Ein del beinfragment vart funne i massane rundt steinen. Ved opninga viste det seg at steinen knapt var ei helle, men hadde ei sterkt konveks underside. Massane under vart solda i 2mm sold utan resultat.

Stratigrafi

Hovudstrukturane 2 og 3 inneheldt massar av grå, trekolblanda sand, kalla lag B. Nokre stader kunne det skiljast ut eit mørkare sjikt i toppen, lag Ba og eit lysare i botnen lag Bb. Desse vart i nokon grad skilde ved gravinga. Der det vart greve i fleire mekaniske lag (5 cm) fekk ein påvist at i alle fall asbestkeramikken førekom både i topp (opprens) midten (lag B, gravelag 1) og botn (gravelag 2-4). I den austlege delen av området låg det massar av heilt anna karakter under lag B. Dette laget var nærast fritt for sand og med sær høgt innhald av organisk materiale, m.a. røter og mykje bork. I tillegg var det ein heil del nevestor stein. Truleg er dette ei torv/myravsetjing (lag C). Ettersom steinane låg fritt i lag C (fritt over undergrunnen) må desse mest truleg ha vorte kasta uti av menneskehand (rydding). Vest for utbreiinga av lag C, fanst tynne linser av eit lag D under lag B. Dette var mørkt brunt til svart og kompakt, og vart tolka som restar av avsviing i ein tidleg ryddingsfase.

Lag B samsvarar i stor grad med lag III og lag IV i hovudprofilen (profil VII). Lag Ba skulle såleis tilsvare det mørkare lag III og lag Bb tilsvare det lysare lag IV. Lag C tilsvare myrhorisonten lag V i austre del av hovudprofilen. Lag D tilsvare det svartbrune lag VI nedst i vestre del av hovudprofilen. Ser ein på profilane III og IV er lag B ikkje skilde i to fasar, ettersom dette berre var synleg som ein gradvis overgang frå mørkare øvst til lysare nedst. Ingen av rutene som vart greve, verken i struktur 2 eller 3 gav gjenstandsfunn som indikerte noko faseinndeling i strukturane. Eit unntak frå dette er området lengst nord i struktur 2 der det lyse lag Bb var sær mektig, og utan tvil inneheldt eit nakkeparti av ei grønsteinøks (B16155/2) og eit avslag av ein anna slipt gjenstand i grønstein (B16155/3a).

Lag III (tilsvarande gravelag Ba) er datert ved to C-14 prøvar til tida frå sein, eldre bronsealder fram til tidleg førromersk jernalder (VP 51 og 53). Lag IV (tilsvarande gravelag Bb) er også datert ved to C-14 prøvar til tida frå midten av seinneolitikum til sein, eldre bronsealder (VP 56 og 57). Lag VI (tilsvarande gravelag D) viste seg å ikkje innehalde trekol i det heile, men eit ”organisk sediment”. Moglegvis er det snakk om ei fossil torv/myroverflate bevart under rydningsstein. Ei dateringsprøve gav ei datering til sein, eldre bronsealder. Etter råd frå laboratoriet vert dette resultatet rekna som ei *minimumsdatering*. Resultatet vert tolka som misvisande sidan dateringane i lag IV over er eldre.

Vurdering av strukturar

Spor etter huskonstruksjonar

Både veggvollar (samling av stein med opphoping av kulturlag) og stolpehol var antyda ved registreringa. Det viste seg ved vidare avdekking og i endå større grad ved reinsing og graving, at steinsamlingane ikkje danna eit mønster som kunne forståast som grunnriss av eit hus, dvs. sirkulært, ovalt eller firkanta. Det aktuelle laget let seg heller ikkje avgrense på denne måten. Stolpespor i den aktuelle massen vart også antyda ved registreringa. Det var ikkje mogleg å skilje ut slike ved granskinga.

I struktur 3 dukka det opp fire moglege stolpehol når lag B og C var fjerna, struktur 20-23. To av desse vart snitta av ein sjakkasse, og kom fram i profil III. Mange av fyllskifta som låg i vestkanten av struktur 3 forsvant ved oppreinsing. Fleire slike vart snitta i det sørvestlege området av struktur 3 og vest for denne. Ingen kunne sikkert tolkast som stolpehol. I tillegg kom ein del større fyllskift med brun matjord. Desse verka moderne og var heller ikkje djupe.

I struktur 2 påviste ein berre eitt fyllskifte som kunne tolkast som stolpehol. Dette var struktur 27, som ved snitting viste seg å vere eit relativt djupt spor etter ein tynn staur som har stått på skrå i jorda (hellande mot aust). Ved forsøk på å opne større flater med undergrunn under struktur 2, kom det fram groper og søkk i terrenget fylt med nevestore stein. Det var lite truleg å finne stolpespor nede i desse søkka.

Aktivitetsspor

Sett bort frå dyrkingspora, er det i den nordlege delen av felt A indikasjonar på aktivitetar som:

- rydning av stein
- truleg gjødsling av åker med oske og kol (det generelt høge innhaldet av trekol i lag B)
- kokegrop (struktur 31)
- aktivitetar av ukjend art knytta til leirstrukturane 28 og 29
- keramikkproduksjon (magring av leire) (funn av råsbest (fnr. 143, B16157/20)
- bronestøyping (skår av smeltedigel (fnr. 91, B16156/3)

Rydningar

Steinsamlingane i den nordre delen av struktur 2 kan tolkast som rydning. Naturlege groper og søkk i terrenget er fylte med neve- til hovudstor stein. Det same kan og sjåast i profil VII, seksjon T-U og Y-Z (fig.6a og b). Rydningsstein ser ut til å liggje i lag IV (seksjon T-U) og i den austre, humusblanda delen av lag III (Y-Z). Fleire stader ser ein eit mørkt lag VI, oftast under steinsamlingane. Det same var fleire stader synleg ved flategraving av struktur 2. Dette lag VI, isolert under fleire rydningar, skulle vise seg å innehalde særst lite trekol. Truleg er dette kompakte restar av den opphavlege markflata.


Kokegrop

Struktur 31, kokegrop, vart påvist og snitta ved registrering (A 48) (jmf. registreringsrapport s.25). Denne viste seg å vere opp til 80 cm i diameter, og 10-12 cm djup. Gropa var nedskoren i vestre del av struktur 2. Øvst låg eit ”lag av opp til 7 cm spetta gråbrun til gråsvart sand og


grus med trekol og mykje nevestor stein”. Under dette låg eit ”lag på opp til 5 cm med svart sand og grus med noko stein og mykje trekol” (registreringsrapport s.25). Dateringsprøve frå det underste laget vart teke ut av fylkeskommunen. Denne vart datert til førromersk jernalder (T-15002). Det vart gjort merknad av registrantane om mogleg innblanding av trekol frå struktur 2, og at gropa kunne vere noko yngre. Uansett peikar stratigrafi og dateringsresultat mot ein fase yngre enn den representert av struktur 2. Det vart ikkje datert eller påvist andre kolgroper i samanheng med struktur 2 eller 3.

Leirestrukturar

Struktur 28 vart påvist ved forundersøkinga hausten 2003 og vart liggjande tildekkka, men det var særskilt fuktig gjennom vinteren. Under vidare opprensing og avdekking sommaren 2004 vart det påvist ein nær identisk struktur 29 knappe tre meter nordaust for str.28. Denne vart skada i øvre del ved maskinell avdekking. Sidan struktur 29 var skada, valde ein å legge ein smal sjaktkasse rett gjennom i retning V-Ø, langs 100x, også for å kontrollere relasjonen til struktur 2. Det vart teke inn ein heil del brende leirklumpar (lys oransje på farge (B16156/4)), mange med avtrykk av kvistar og tynne greiner. Ein del leire som ikkje var brend (grå på farge) vart vaska vekk under våtsolding. Dei stratigrafiske tilhøva kan relaterast til profil VII, seksjon Z-Ø (Fig.6b). Struktur 28 såg ut til å ligge nederst i lag III, rett oppå lag V myrhorisonten. Gropa var kring 50 cm i diameter og opp til 4 cm djup, tynnare ut mot sidene. Struktur 28 vart snitta i kvadrantar. Denne viste identiske trekk. Lys grå, ubrend leire var blanda med klumpar av oransje, brend leire med kvist og greinavtrykk. Ubrend leire dominerte i den nordlege halvdelan medan brende klumpar fanst mest i sør. Den ubrende leiren var blanda med ein heil del fiber, moglegvis halm. Struktur 28 var mellom 55 og 90 cm i diameter og 4 cm på det djupaste. Like under begge strukturane kom ein heil del organisk materiale, særskild bork. Dette skriv seg mest truleg frå lag V eventuelt ei av dei mange myrlinsene i austre del av lag IV. To kassepreparat vart tekne ut av struktur 29 (VP 47-48). Strukturane kan representere groper til lagring eller oppbløyting av leire til keramikproduksjon. Moglegvis indikerar dei harde fragmenta med kvistavtrykk, oppbløyting og gjenbruk av veggklining og liknande.



Figur 4. Struktur 28 i plan.



Figur 5. Struktur 28 i snitt.

Naturvitenskaplege prøvar

Prøvar vart tekne ut til:

C14-datering og treartsbestemming

Fosfat

Pollen

Makrofossil

Zoologiske prøvar (insekt)

Andre

C14-dateringar vart fyrst og fremst teke ut av profil VII, og i relasjon til seriane med botaniske og zoologiske prøvar. Eit hovudfokus her var å datere lag III, IV, VI og relasjonen mellom desse og myrhorisonten lag V (VP 49-59). I tillegg vart det teke ut trekolprøvar frå tre av dei moglege stolpehola frå struktur 3, dvs. struktur 20-22 (VP 60-62), men desse vart ikkje prioriterte for analyse.

Ei fosfatgransking vart gjort i felt etter "spot-metoden" (sjå vedlegg). Tre prøvar vart tekne i og under struktur 3. Konklusjonen var at fosfatinnhaldet i dette området i særskilt liten grad er påverka av førhistorisk aktivitet. Ei prøvesøyle vart teke gjennom profil VII. Ingen av dei førhistoriske laga gav indikasjonar på høgt aktivitetsnivå som til dømes hus eller tun, men heller på gjødsling med trekol og oske. Fosfatgransking vart på grunnlag av desse resultatane nedprioritert. Det same vart uttak av makrofossilprøvar i flata.

Tre seriar med pollenprøvar vart tekne ut frå profil VII. Ein serie med pollenprøvar i tillegg til eit kassepreparat vart tekne ut frå profiler i myrsjakt sjakt A. I tillegg til den generelle vegetasjonsutviklinga var ein særskild på jakt etter botnsedimenta i myra, dvs. den aller eldste attgroingsfasen. Dette viste seg umogleg å gjennomføre. Ved prøveuttak vurderte ein

profilane i sjakt A som dei mest lovande. Ved gjennomgang av nivellement viser det seg at det djupast registrerte punktet (undergrunn) låg i testsjakt A. I dette området var derimot myra drenert og pløgd slik at her låg knappe halvmeteren med moderne dyrkingsjord over steril sand.

Seriar med zoologiske prøvar vart tekne ut i relasjon til dei tre pollenseriene i profil VII. Ein prøve vart teke ut av massen sentralt i struktur 3 (VP 63). Det vart også teke ut to kassepreparat av leirmassen i struktur 29 (VP 47-48). Sjå elles vedlegg.

Gjenstandsfunn

Ein heil del funn kom fram ved avdekking av feltet og opprensing av struktur 2 og 3 (kontekst 1). Moderne avfall som tegl, plast og porselenskår låg i einskilde område heilt ned på undergrunnsnivå og rett oppå lag B (sørleg område). Av dei førhistoriske funna spenner diagnostiske gjenstandar i tid frå yngre jernalder (bryne, perle) til (tidleg) yngre steinalder (tverrøks i grønstein). Asbestmagra keramikk kom berre fram sentralt i struktur 2 og i mindre grad struktur 3, under registrering, opprensing og graving. Til gjenstandsfunn i sikker kontekst er rekna dei som kom fram ved graving av opprensa område, innanfor avgrensinga av struktur 2 og 3. I tillegg kjem funn frå opprensing, graving og snitting av strukturane 28 og 29.

Steinalderfunn

Ei komplett grønsteinsøks og eit nakkeparti av ei anna må tilskrivast kategorien Vespestadøks (Pl.10). Saman med eit avslag av ein slipt gjenstand i grønstein, eit vanleg avslag og tre bitar av grønstein utgjer dette spor av ein yngre steinalder fase, truleg då tidleg yngre steinalder (TN-MNa) (Gjerland 1985, Bergsvik 2000). Ein flekkestikkel i flint og to avslag av rhyolitt skriv seg og truleg frå denne fasen. Ein flateretusjert spiss med konkav basis kan også vere frå yngre steinalder (SN) men er lagt til bronsealderfasen. Funnkonteksten er usikker.

Bronsealderfunn

Tre C14-dateringar frå registreringsfasen peiker mot danning av lag B i eldre bronsealder, med eit kronologisk samanfall av dei tre dateringane kring cal 1300 BC, altså overgangen per. II-III. Konteksten til desse prøvane med tanke på kva lag dei eigentleg daterar (lag Ba eller Bb) er noko usikkert. 324,5 gram asbestmagra keramikk av "Risvik" eller "Nordvestnorsk" type kom fram ved opprensing og graving av str. 2 og 3 (lag B) (Ågotnes 1986 for typedefinisjon). I tillegg er det funne totalt 146,2 gram keramikk utan asbestmagring, hovudsakeleg med bergart/kvarts som magring. I dette materialet fins det heilt klårt fleire typar keramikk og kar.

To flateretusjerte pilspissar fell i kvar sin hovudkategori (Pl.11). Den eine, av ein generelt eldre variant, har konkav basis, den andre, av ein generelt yngre variant, er bladforma med konveks basis (jf. Prescott 1991: 45). Den fyrste er funne ved opprensing av undergrunnen i vestre kanten av struktur 2, den andre i lag B, struktur 3. Av det samla funnmaterialet er det berre *keramikkskåra* som får noko nærare gjennomgang i det fylgjande. Kategorien keramikk er nytta for leirbitar med plateform der skildringa *godstjukne* vert meiningsfull. Det er ikkje sett noko maksimumtjukne for kategorien keramikk, og kategorien kan såleis omfatte fragment av smeltediglar, tynnvegga ovnstrukturar og liknande.

Asbestmagra keramikk

For den relativt store mengda asbestmagra keramikk vert det naudsynt med vidare kategoriar for å skildre skår med særskild informative eigenskapar.

Randskår: enkel eller dobbel krumming, der eine sidekanten er tilglatta til ei rett munningsrand.

Halsskår: skår med ei dobbel, motsett krumming (konkav-konveks) som indikerar eit innsnevra parti i karforma.

Bukskår: skår med enkel eller dobbel krumming som indikerar eit rett eller svulmande parti i karforma.

Botnskår: skår med fleire krummingar som indikerar ein flat, konveks eller konkav botn (botnskår kan forvekslast med bukskår)

Terminologien er basert på dei kjende karformene av asbestmagra keramikk (Ågotnes 1986). I tillegg til dei tre termene ovanfor, er dei karakteristiske overgongane mellom partia gjevne følgjande termar: rand, buk/hals, buk/botn. 6 skår indikerar ein relativt skarp, horisontal kant. Enkelte av skåra peikar mot at dette er frå overgongen hals/buk heller enn ein vulst. To skår viser ei dobbel, motsett krumming som indikerar eit innsnevra parti. Det eine av desse viser at dette partiet har vore minimum 7,2 cm langt, og at det er snakk om eit halsparti heller enn ei innsnevra munningsrand. Alle skåra med særskilde informative eigenskapar peikar mot kar av skjematisk form som fig.3, dvs. med eit lengre innsnevra halsparti, skarp overgong mellom hals og buk, og med svakt konveks botn.

Eit langstrakt, innsnevra halsparti og skarp overgong mellom hals og buk er trekk som Ågotnes meiner er typiske for eldre bronsealder (Ågotnes 1986: 111). Gode parallellar er B4708 frå Selje, Sogn og Fjordane og T 10343 frå Strand, Sør-Trøndelag, begge frå hellestette graver. Det må understrekast at skåra kan stamme frå fleire kar, sjølv om materialet ikkje gjev klåre indikasjonar på andre karformer enn denne. Eit skår, f.nr.114, kan vere eit unntak. Dette kan vere eit skår med vulst eller eit forseinka parti (under randa).

Keramikk utan asbestmagring

Utan nærare studiar er det mogleg å skissere følgjande godstypar:

Tett, finmagra, gjennomgåande svart gods, pent tilglatta på inn og utside. Middels godstjukne. Magringsmateriale er berre bestemt til bergart (1 randskår). F.nr. 135 (B16156/2b).


Tett, finmagra, svart gods, ikkje tilglatta. Middels godstjukne. F.nr. 26 (B16156/2a).

Tett, finmagra, lyst oransje gods, med linjedekor. Tynt gods. Magringsmateriale er berre bestemt til bergart. F.nr.184 (B16156/2d).

Særs grovmagra oransje til beige gods. Tjukt gods. Magringa nærast som fin grus. F.nr. 67, 9, 72, 142, 144, 145, 149, 200, 205 (B16156/2c,f).

Porøst middels tjukt gods, med svart innside og beige utside. Magringsmateriale er berre bestemt til bergart, men porene syner i tillegg magring med organisk materiale F.nr. 172,174,178, 201 (B16156/2g).

Mindre, lite karakteristiske skår som ikkje utan vidare passar inn i katagoriane ovanfor. F.nr. 8,65,74,84,94,183,191,217,239 (B16156/2j).



Figur 6. Terminologi for kar

I tillegg kjem skår, eller rettare klumpar, av leirgods som ber preg av å ha vore utsett for høg varme:

Tett, tungt, grovmagra, mørkt gods. F.nr. 78,95,110 (B16156/2h).

Leirgods med sintra overflate. F.nr. 27,28,51,139 (B16156/2k).

Leirgods med glasert overflate. Tett, finmagra, tjukt gods. Lys beige til signalraud på farge. F.nr. 91 (B16156/3).

F. nr.91 er etter alt å dømmе eit randskår frå ein smelting (Pl.15). Sjølve randa er glasert og raudfarga, eit karakteristisk drag ved smeltingar frå bronsealderen (*jf.* Neergård 1908: 290). I lys av dette kan dei andre kategoriane (7 og 8) stamme frå t.d. diglar, ovnskonstruksjonar eller støypeformer.

Jernalderfunn

Det er funne ei perle av ravgfarga glas i den nordvestre del av felt A. Perla er eit lausfunn i ein førhistorisk dyrkingsrest. Det er også funne nokre ukjennelege jernfragment, ein jernnagle og ein klump slaggt samt 3 fragment av bryner. Jernalderfunna er å oppfatte som lausfunn fordi dei vart funne i dyrkingsrestar og laust i åkeren.

Samanfattande tolking av resultata

Granskinga aktualiserte nokre viktige problemstillingar i vestnorsk forhistorie:

- dateringsramme for sein steinbruk, f.f. bruk av rhyolitt og slipte bergartsøkser
- dateringsramme for bruk av asbestmagra keramikk av Risvik-type
- kontekstualisering av framstilling av keramikk og bronsegjenstandar i bronsealder

I ein situasjon med relevant informasjon knytt til klårt skilde strukturar og lag med snever utstrekning og dateringsramme kan ein få eit mykje klårare bilete av desse problemstillingane.

Dessverre var ikkje desse forutsetningane tilstades på Kvitevoll, og situasjonen tildels status quo:

Rhyolitt og slipte grønstainsøksar *kan moglegvis* framleis vere i bruk i seinneolitikum, eventuelt f.f. i Sunnhordaland. På den andre sida *kan* også desse funna på Kvitevoll skrive seg frå ein eldre lokalitet som vart omrota i samanheng med rydding av flata i seinneolitikum.

Asbestmagra keramikk av Risvik-type førekjem i to lag med ei total dateringsramme frå midten av seinneolitikum til tidleg førromersk jernalder. Resultata er tvitydige om bruken startar i slutten av steinalder eller i eldre bronsealder (*jf.* Prescott 1991: 94). Resultata er heller ikkje klåre om asbestkeramikk går inn i førromersk jernalder eller ikkje. Derimot har granskinga påvist bruk, og sannsynleggjort framstilling, av asbestkeramikk sør på Vestlandet. Sidan Sognefjorden vart skissert som sørgrense for Risvikkeramikk (Ågotnes 1986) har keramikken dukka opp på Østre Hauge på Lista, Tjelmeland i Etne, Rennesøy i Rogaland (Johansen 1986:88; Prescott 1991:94; Høgestøl 1995:134 ff; Kutschera 1996:14).

Støypeformer av kleberstein har lenge vore den viktigaste indikasjonen på framstilling av bronsegjenstandar på Vestlandet. Smeltediglar, eller skår av slike, er mindre estetiske og vanskelegare å kjenne at, men like fullt fragment av bronseteknologi. Vektlegging av såkalla ”teknisk keramikk”, diglar, ovnsforing, støypeformfragment o.a., kan hjelpe oss i å kontekstualisere viktige teknologiske prosessar og gje eit nytt bilete av metallbrukande samfunn på Vestlandet. Det same gjeld eldpåverka groper, med og utan leire.

I seinneolitisk tid låg granskingsfeltet som ein åsrygg vest for eit vatn eller ei opa myr, bratt mot sjøen i vest og i aust bak myra. I tida før 2100 f.Kr. vart stein rydda og lagde i søkk i terrenget. Truleg representerar felt A den sørlege utkanten av eit åkersystem, bevart her sidan terrenget er meir kupert og steinfyllt enn i nord. Kontinuerleg aktivitet med lite/moderat gjødsling i perioden ca. 2100-1350 f.Kr. resulterte i danninga av eit lyst, grått sand og humusblanda lag med ein del trekol. I løpet av denne perioden grodde vatnet/myra til og ekspanderte vestover, og innover kulturlaget. Kring 1350 f.Kr. skjedde ei endring i aktiviteten på staden, meir gjødsel vart tilført og også myrområdet vart teke i bruk. Aktiviteten i perioden ca. 1350-450 f.Kr. resulterte i eit mørkt, grått, sand- og humusblanda lag, mørkare og med høgare innhald av trekol enn laget under.

Spora av keramikk- og bronsearbeid tyder anten at desse aktivitetane har føregått her, eller at restar frå arbeidet har vore dumpa her. Leirstrukturane kan takast til inntekt for at det steinete området i utkanten av åkeren, i kanten av myrvatnet, *var* eit område for keramikk. I den våte myrkanten kunne ein halde leira fuktig over lenger tid, moglegvis kunne ein bløyte opp att veggklining og liknande. Om myra vart dyrka opp etter 1350 f.Kr., kan dette indikere at plassen vart mindre attraktiv for teknologiske prosessar som krov vatn. Truleg sto husa i heile denne lange perioden på den tørre flata i nord (felt B).

FASE 1: SM-TN. Flekketeknikk i flint og rhyolitt, slipte bergartsøksar i grønstein. SM-TN.


FASE 2: 2100-1300 f.Kr. Lag IV, asbestkeramikk, flateretusjerte spissar felt A,

FASE 3: 1300- 400 f.Kr. Lag III, asbestkeramikk felt A, hus 8 og 10 felt B,

FASE 4: 500-0 f.Kr. Lag II (?), kokegrop felt A, hus 7 og 9, innhegning felt B.

Figur 7. Profil III i sjakt 3 i felt A.

Lagskildring profil III
 B: Gråbrunt humushaldig sandlag, spetta med sandlinser.
 C: Brun humus. I botnen er eit tynt svart stripe.
 D: Noko lysare enn B, same konsistens
 E: Lys gråbrun, fin sand.
 F: Brun humushaldig sand.




Profil III, sjakt 3



Figur 7. Profil III i sjakt 3 i felt A.


Figur 8. Profil IV, sjakt 4 i felt A.



Lagskildring profil IV


B: Som profil III. Noko meir spetta/lommer med trekol.
 C: Som profil III. Enkelte stader noko lysare.
 D: Noko lysare enn B, same konsistens. Truleg det same som lag D i sjakt 3.
 E: Lys gråbrun, fin sand. Truleg same som E, sjakt 3. Enkelte stader noko meir raudbrun på farge.

Profil IV, sjakt 4




Figur 8. Profil IV, sjakt 4 i felt A.

Figur 9a. Profil VII hovedprofil (forts.)



Figur 9b. Profil VII hovedprofil.



Lag III og IV samsvarar med lag B i profil III og IV.
Lag V tilsvarar lag C i profil III og IV.



Figur 10. Oversikt, mot nord (Foto DSCN1401)



Figur 11. Situasjon ved utviding. Mot N-NØ. (Foto DSCN 1455)



Figur .12. Situasjon ved graving. Mot NØ (Foto DSCN1476)



Figur 13. Situasjon ved graving sentralt i str.2. Mot N (DSCN1486)



Figur 14. Situasjon ved graving sentralt i str.3 (Foto DSCN1485)



Figur 15. Snitt langs 163y, gjennom steinsamling. Mot NØ (Foto DSCN1529)



Figur 16. Snitt langs 164y, gjennom steinsamling. Mot V-SV (Foto DSCN1528)



Figur 17. Profil snitt i str.22. Mot N (Foto DSCN1499)



Figur 18. Profil snitt i str.23. Mot N (Foto DSCN1498)



Figur 19. Etter graving av lag B. Str.27 i plan til høyre i bildet. Mot N (Foto DSCN1488)



Figur 20. Profilsnitt i str.27. Mot N (Foto DSCN1491)



Figur 21. Str.29 i plan. Mot N (Foto DSCN1484)



Figur 22. Str.28 i plan. Mot Ø (Foto DSCN1514)



Figur 23. Profilsnitt i str.28 ('profil B'). Mot N (Foto DSCN1518)



Figur 24. Profilsnitt i str.28 ('profil D'). Mot S (Foto DSCN1520)



Figur 25. Profil VII, seksjon Q og R (Foto DSCN1505)




Figur 26. Profil VII, seksjon S og T (Foto DSCN1506)



Figur 27. Profil VII, seksjon W og Y (Foto DSCN1508)




Figur 28. Profil VII, seksjon Y og Z (Foto DSCN1509)



Figur 29. Nakkeparti av firesidig grønnsteinsøks (B16155/2).



Figur 30. B16155/2.




Figur 31. Grønnsteinsøks, ryggside (B16155/1)



Figur 32. B16155/1, ryggside.




Figur 33. B16155/1, bukside.




Figur 34. Flateretusjert pilspiss (B16157/2) Fig.35. Flateretusjert pilspiss (B16157/1)



Figur 36. Flateretusjerte pilspissar (B16157/2 til venstre, B16157/1 til høgre).




Figur 37. Asbestkeramikk (B16156/1p)




Figur 38. Asbestkeramikk (B16156/1e)




Figur 39. Asbestkeramikk, sideskår (B16156/1p, B16156/1e og B16156/1r).



Figur 40. Asbestkeramikk, botnskår (B16156/1f).




Figur 41. Asbestkeramikk, randskår (B16156/1b)




Figur 42. Asbestkeramikk, randskår (B16156/1a)




Figur 43. Asbestkeramikk, randskår (B16156/1b og B16156/1a).




Figur 44. Asbestkeramikk, randskår.
(B16156/1d).




Figur 45. Flis av råasbest (B16157/20).




Figur 46. Randskår av sand/kvartsmagra
Keramikk (B16156/2d).




Figur 47. Randskår av sand/kvartsmagra keramikk
(B16156/1c).



Figur 48a og b. Randskår av sand/kvartsmagra keramikk (B16156/2a).




Figur 49. Sideskår av sand/kvartsmagra keramikk (B16156/2b).



Figur 50. Munningsfragment av smeltedigel (B16156/3).




Figur 51. Keramikkskår av ulike typar (B16156/2b, B16156/2e, B16156/2f, B16156/3). Siste er truleg eit munningsfragment av ein smeltedigel.




Figur 52. Brent leire med kvistavtrykk (B16156/4).



Figur 53. B16156/4.




Figur 54a og b. Perle av rødfarga glas (B16159/1).



Figur 55. Bryne (B16157/3).



Figur 56. Ulike lausfunn (B16159/5, B16157/3, B16159/6, B16159/4).



Figur 1. Oversikt over felt B med strukturar innteik

Felt B – nord for gardsvegen på Kvitevoll

Målsetnad og metode

Området nord for grusvegen var ikkje omfatta av forundersøkinga Bergen Museum gjorde i 2003. Hordaland fylkeskommune si registrering i 2000 hadde påvist mange strukturar i dette området, totalt 92. Mulege tolkingar av funna var fire forskjellige hus og/eller fleire innhegningar. Det syntest klart at området var påverka av aktivitet frå eit langt tidsspenn, ettersom dateringar frå ulike strukturar hadde gitt resultat frå seinneolittikum/bronsealder, førromersk jernalder og tidleg mellomalder (sjå registreringsrapport). Målsetjinga med utgravinga var å få klarlagt strukturelle element i dei einskilde husa, og om muleg avklare ein innbyrdes samanheng mellom dei. Utover dette var det eit mål å dokumentere så mange andre stukturar som muleg. Då strukturane var mange vart hus og innhegningar prioritert. Det var ikkje noko som tyda på at det her skulle vere bevarte kulturlag i huskontekst i særleg omfang. Det var difor naturleg å fjerne matjorda maskinelt heilt ned til undergrunnen.

Sett i lys av Halsnøy si mellomalderhistorie og det faktum at ei av rillene hadde mellomalderdatering frå registreringsundersøkinga, var det av særskild interesse å få klarlagt kor vidt det fanst mellomalderhus på flata. Så langt er det påvist svært få slike på Vestlandet. Dei husa som vart påviste var likevel eldre, så mellomaldertunet har nok lege ein annan stad, kanskje i området der gamletunet på garden Kvitevoll låg.

Forløp

Sjakt 7 i nordaustlege delen av undersøkingsområdet hadde ei tydeleg overvekt av anleggsspor (registreringsrapport s.7), avdekkinga vart starta der. Ved gjenfylling av sjaktene hadde registrantane dekkja til dei mest strukturrike delane av sjaktene med fiberduk. Dette syntest seg effektivt både for å lokalisere sjaktene ved avdekking, og bevare registrerte strukturar i tidsrommet mellom registrering og utgraving.

Totalt vart det avdekka ca 1800 kvm nord for grusvegen. Overdekket besto av moderne dyrkingsjord, og eit eldre grått dyrkingslag som låg rett over undergrunnen. Størstedelen av flata hadde undergrunn beståande av raudgul sand og grus med ein del jernutfelling. Nokre område hadde reine sand- og siltparti, medan andre delar var svært steinete. I dei reine sandpartia hadde undergrunnen mørkare flekker av ulik størrelse, dette er truleg spor etter røter og anna naturleg aktivitet. Det vart påvist strukturar over det meste av feltet.

Flata var noko påverka av moderne aktivitet. I sørvestre felthjørne var det ei omfattande forstyrning. Samanhalde med opplysningar frå grunneigar og utskiftingskart dreier dette seg truleg om det gamle tunet på garden Kvitevoll, som har lege lenger aust enn tunet gjer i dag. To vassledningar gjekk parallelt gjennom heile feltet i NV-SØ retning, begge har truffe utkanten av kvart sitt hus. Også ein del udefinierbare nedgravingar har usikker alder. Den mest omfattande påverkinga syntest å vere arding. Det var likevel mange godt bevarte førhistoriske anleggsspor. Påvisinga av hus og innhegningar, og mogelegheita av å relatere desse til kvarandre, syntest å ha stort kunnskapspotensiale i høve til organisering av førhistorisk gardsbusetnad. Hovudfokuset for undersøkinga vart lagt på å lokalisere, dokumentere og ta ut naturvitskaplege prøvar frå strukturar tilhøyrande husa, i tillegg til innhegningar og andre strukturar.

Målesystem

Koordinatsystemet vart lagt med x-verdi aukande mot geografisk nord og y-verdi aukande mot aust. Eit fastpunkt vart seinare målt inn av teknisk etat i Kvinnherad kommune (sjå vedlegg)

Fotos og teikningar

Digitale foto er organisert i seriar som papirfilm, kvar serie har mellom 35 og 40 bilete. Referansar til originaldokumentasjon finst i strukturlista (sjå vedlegg).

Heile feltet vart teikna i plan i 1:50. Delar av feltet er teikna i 1:20 for å få betre oversikt på strukturane. Fyllskifte i undergrunnen vart dokumenterte i plan for så å bli snitta og dokumenterte i profil. Fyllskifte som var svært grunne og usikre er ikkje teikna inn på reinteikninga og er merka med *utgåar* i strukturlista. Mange fyllskifte representerer truleg steinopptrekk i samband med pløying på flata. For strukturar som er snitta og dokumentert på registreringsundersøkinga er det henvist til sidetal i registreringsrapporten. Nivellement er oppgitt på originalteikningar. Høgdemålingar vart gjort med nivelleringskikkert, og rekna om i høve til GPS-innmålt fastpunkt. Felt B ligg mellom 56.536 og 58.086 moh. (sjå vedlegg).

Ettersom det vart arbeidd parallelt på felt A og B, var det avgjerande å unngå eventuell samanblanding av strukturar og prøvar. Strukturlista for felt B startar følgjeleg på S 300. Stolpar vart halvsnitt vinkelrett på huset sin antatte lengdeakse, med mindre særskilde omsyn tilsa noko anna. Husa var orientert i omtrentleg retning NV-SØ, så dei fleste stolpane er snitta mot tilnærma nordleg retning. Strukturar vart dokumenterte med foto og teikning i plan og profil. Av dei 92 registrerte strukturane frå 2000 var 44 tolka som mulege stolpehol med diameter mellom 5 og 10 cm. Etter avdekking var det klart at delar av feltet var fullt av liknande strukturar. Dei var naturleg nok best synlege der undergrunnen innehalt finkorna materiale, som sand, silt og leire. Denne erkjenningsmessige skilnaden reflekterer ikkje nødvendigvis reelle mønster i bruken av flata. Den grunne matjorda tatt i betraktning var det usikkert om staurmerka skulle tolkast som førhistoriske strukturar eller merke etter hesjestaur, gjerdestolpe eller anna spor etter nyare dyrkingsaktivitet. Då det var uråd å snitte alle innanfor prosjektet si tidsramme for å leite etter mønster i snitta, måtte desse nedprioriterast. Berre i kontekstar der dei kunne oppfattast som meningsfulle i relasjon til andre strukturar er desse tillagt vekt, som muleg veggstolpe, tjøringspåle eller anna. For ordens skuld kan det nemnast at omgrepet stolpe blir brukt om stolpehol. Rille kan ha hatt funksjon både som veggrøft og innhegning avhengig av kontekst. Staurhol kan stamme frå både førhistorisk tid og frå nyare tid.


Nummereringa av husa frå registreringa vart behalde og bygd vidare på under utgravinga. Dette inneber at hus 1 vart omdefinert til struktur 1. Hus 4 og 5 vart avskrive, dels på grunn av lengda og utforminga på rillene, og dels fordi det ikkje vart påvist stolpar som kunne knytast til strukturane tolka som mulege veggriller ved registreringa. Desse rillene er tolka som spor etter innhegningar.

Strukturar som relaterte seg til hus fekk i tillegg eit bindestreksnummer, der første siffer samsvarar med husnummeret. Det føregjekk arbeid parallelt på fleire hus samtidig, og eige nummersystem per hus var i feltsituasjon hensiktsmessig for å kunne definere nye strukturar raskt, og enkelt forhalde seg til dei viktigaste strukturane i høve til dokumentasjon og prøvetaking. Fire strukturar med første siffer 9 ser heller ut til å utgjere ein eigen konstruksjon kalla hus 10. Den horisontale lokaliseringa i tillegg til dateringsresultata talar for at hus 9 og 10 høyrer til to forskjellige fasar.


Eldre bronsealder

Materialet frå eldre bronsealder består av hus 8 og 10. I tillegg er ei grunn grop med trekol (6-55) i austlege del av feltet datert til overgangen seinneolitikum/bronsealder (sjå registreringsrapport). Hus 8 og 10 kan sannsynlegvis setjast i samanheng med aktiviteten på felt A. Meir spesifikt vil dette seie dyrkingsaktivitet avsett i lag III botn og lag IV topp, som har samanfallande dateringar som husa (sjå Felt A).

Hus 8



Figur 2. Hus 8 plan. Dei tre små strukturane på vestsida kan vere spor etter veggkonstruksjonen. Teikninga er orientert N-S. Str. 8-08 er ei veggrille.



Figur 3. Snitt av takberande stolpar i hus 8 (skildring av masse sjå tab.1).

Hus 8 består av 4 takberande stolpar og er orientert NV-SØ, med veggrille (8-08) på sør- og vestsida. Det er ikkje eintydig klart om dette har vore eit kvadratisk eller eit rektangulært hus. Ytre mål kan anslåast til 7x7 m. Avstanden mellom stolpane og veggrilla på vestsida er 1.7 og 2.0 m. Avstanden mellom stolpane i retning N-S er 2.36 og 3.8 m. I retning Ø-V er avstanden 3.6 og 3.96 m. Som måla viser er den eine stolpen noko trekt inn i høve til kvadratforma. På og utanfor husflata var det ein heil del staurhol, men desse gav ikkje noko meiningsfullt mønster som kunne knytast til huset.

Veggrilla er totalt ca 10 m lang. Omtrent midt på, der den svingar aust over, er den brote av ein moderne vassledning. Breidda på rilla i plan varierer mellom 20 og 30 cm. Mot begge endane smalnar den gradvis av. Dette blir tolka som at den er bevart i heile lengda si, og ikkje har gått rundt heile huset. I snittet har den avrunda V-form og er opptil 10 cm djup. Ved graving vart det arbeidd ut frå to hypotesar om rilla sin funksjon; anten at den var avsetjing etter fundament for ein veggkonstruksjon, eller at det dreia seg om ei dreneringsgrøft for å hindre vatn i å renne inn mot huset. Seksjonar av rilla vart tømte og sålda, men undergrunnsmasse var blanda inn i fyllmassen i grøfta. Dette gjorde den stratigrafiske avgreinsinga i botnen stadvis vanskeleg, og utgraving av massen i heile grøftelengda vart dermed ikkje så aktuelt som først antatt. I dei gravne seksjonane vart det ikkje påvist stolpar nedi grøfta. Dersom det hadde stått ein leirklint flettverksvegg nede i grøfta, var det rimeleg å forvente at ein del av leirklininga var samla opp der. Det vart ikkje gjort leirefunn. Det vart også leita etter veggstolpar på innsida av grøfta, men utan at det lukkast å påvise nokon som verka svært overtydande. Veggrilla ligg på oversida av huset i høve til fallretninga på terrenget, den kan såleis ha oppfylt ein dreneringsfunksjon.

Det var ikkje spor etter eldstad i hus 8. Kva dette seier om eventuelle bustadfunksjonar er ikkje eintydig. Den vesle størrelsen på hus 8 kan tilseie at det har hatt anna bruksområde, kanskje som verkstadbygg eller fjøs. Dyrkingslag på felt A synest å indikere aktivitet i området over ein lengre periode, så bustadhuset har truleg lege i nærleiken. Det er mogleg at hus 11 høver inn i dette biletet. Dette blir omtalt nedanfor.

| Strukturnr. | Form i plan | Mål i plan | Sider i profil | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|-------------|----------------------|--------------------------------------|---|--------------|---------------|--|
| 8-01 | Stolpe, Rundoval | 20x30 cm | Rette | Avrunda/flat | 22 cm | Mørk grå trekolbl. sand |
| 8-05 | Stolpe, Rundoval | 20x30 cm | Rette | Avrunda/flat | 19 cm | Mørk grå trekolbl. sand |
| 8-06 | Rundoval | 18x22 cm | Avrunda, skrår svakt innover | Avrunda | 17 cm | Mogleg skoningsstein. Mørk grå trekolbl. sand |
| 8-08 | Veggrille, Avlang | Ca 10 m lang, breidde 20-30 cm | Avrunda V- form. (Profilen er ikkje dokumentert) | Avrunda | ca 10 cm | Mørk grå sandblanda jord, iblanda lysare sand |
| 8-31 | Stolpe, Rundoval | 16x22 cm | Uregelmessige | Avrunda | 25 cm | Mørk grå trekolbl.sand. Ein del jernutfelling i massen |

Tabell 1. Takberande stolpar og veggrille i hus 8.


Datering

Det er analysert to dateringsprøvar frå hus 8. Masse frå veggrilla er datert til kal 1440-1290 BC, eldre bronsealder (Beta-198118). Masse frå den takberande stolpen 8-05 er datert til kal 1380-1100 BC, eldre bronsealder (Beta-202235). Som tidlegare nemnt inneber desse dateringsresultata at hus 8 kan setjast i samband med påviste aktivitetsspor på felt A.


Funn

Ved snitting vart det funne keramikkskår (B16204/1a-c) i fyllmassen til stolpen 8-31. Keramikken er av grovt gods og kvartsmagra. Den er lys grå på eine sida, den andre sida er avskalla og har tatt farge av jernutfelling i grunnen.

Hus 10



Figur 4. Hus 10 plan. Teikninga er orientert N-S.



Figur 5. Snitt av stolpar i hus 10. Målestokken gjeld snitteikninga (skildring av masse sjå tab.2).

Hus 10 er rektangulært og består av fire stolpar. Dei fire stolpane i hus 10 dannar to par der avstanden i retning Ø-V er 1.9 og 2 m. Avstanden i retning N-S er 2.5 og 2.55 m. Spor av eventuell veggkonstruksjon er ikkje påvist. Ettersom avstanden mellom stolpane er noko mindre enn i hus 8, har truleg hus 10 hatt mindre grunnflate enn dette, men ikkje nødvendigvis så mykje mindre. Hus 10 ligg tett opp mot hus 9, hus 10 si orientering er dreia i nordaustleg retning. Det er ikkje noko som tyder på at desse to husa har overlappa med kvarandre.

Enkle byggverk med berre fire stolpar er kjende både frå førhistorisk og historisk tid, og kan ha hatt mange ulike bruksområde (sjå til dømes Løken 1988; Børsheim og Soltvedt 2002; Diinhoff og Hjelle 2003). Ein kan tenke seg ulike lagerfunksjonar, verkstadhytte eller anna.

| Strukturnr. | Form i plan | Mål i plan | Sider i profil | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|-------------|--------------------------|------------------|---|-----------------|---------------|---|
| 9-13 | Stolpe, Tilnærma rund | 19 cm i diameter | Skrår svakt innover | Avrunda | 14 cm | Brun humushaldig trekolblanda sand |
| 9-14 | Stolpe, Tilnærma rund | 19 cm i diameter | Skrår svakt innover | Avrunda | 16 cm | Som 9-13 |
| 9-15 | Stolpe, Tilnærma rund | 22 cm i diameter | Avrunda, skrå svakt innover | Avrunda | 17 cm | Som 9-13 |
| 9-16 | Stolpe, Tilnærma rund | 20 cm i diameter | Vestsida avrunda, aust sida rettare og skrå svakt innover | Flat, skrånande | 14 cm | Som 9-13 |

Tabell 2. Takberande stolpar i hus 10

Datering

Trekol frå fyllmassen i stolpen 9-16 har dateringa kal 1380-1100 BC, eldre bronsealder (Beta-198120).

Funn


Små fragment av brente bein i stolpane 9-14 (B16205/1) og 9-16 (B16205/2).

Eldre jernalder gardsanlegg

På Kvitevoll er det vidare funne eit gardsanlegget frå eldre jernalder som er sett saman av to langhus og tre mulege innhegningar. Husa er daterte med to prøvar kvar, innhegningane med ein prøve kvar. Resultata har stor grad av samanfall og daterer seg hovudsakeleg til førromersk jernalder. Dyrkingslag (lag III topp) og ei kokegrop på felt A har delvis samanfallande datering som gardsanlegget.


Langhus frå førromersk tid er påvist fleire stader på Vestlandet og elles i landet. Inngjerda tun er det færre av. På Mo ved Ørsta i Møre og Romsdal er det påvist ein gard gjennom fire førromerske fasar. I alle fasane er anlegget tolka som beståande av eitt langhus og ein mindre bygning. Den eldste fasen (A) har spor etter innhegning av tunområdet (Diinhoff pers.med). På Hovde i Sør-Trøndelag er det funne restar etter eit inngjerda tun i to fasar, fase 1 frå tidleg i førromersk jernalder, medan fase 2 går opp i romertid. Eitt av husa frå fase 1 er tolka som ein hall. Bustadhusa har i begge fasar vore lange, rundt 30-40 m, og har hatt bustaddel i vestre del og stalldel i austre del av huset (<http://www.ntnu.no/vmuseet/fakark/forvaltning/hovde.htm>). Materialet frå Kvitevoll har fellestrekk med desse funna, men der er også skilnader. Som på Hovde og fase A på Mo består Kvitevoll av to hus der det eine eller begge husa kan ha vore innhegna. Husa på Kvitevoll er av mindre dimensjonar enn Hovde og liknar såleis meir på funna frå Mo.

Hus 7



Figur 6 a og b. Hus 7 plan. Sikre strukturar til venstre. Til høgre forslag til mogelege veggstolpar. Gitt talet på strukturar i området er fleire tolkingar mulege, sjå oversiktsteikning. Teikningane er orientert N-S.

Stolper i hus 7, system a



Veggrille i hus 7



Figur 7. Snitt av stolpar i hus 7.

Hus 7 er treskipa og orientert NNV-SSØ. Målt frå utsida av veggrilla og til siste stolpepar kan ytre mål anslåast til minst 10x6 m. Huset har hatt veggrille på sør- og vestsida, truleg også på austsida. Det er påvist fem takberande stolpepar, serie A, som synest å relatere seg til veggrilla. Fire av stolpepara er parallelle, andre stolpepar sørfrå skil seg ut ved at det er forskyve i lengderetninga samanlikna med dei andre para. Dette skal omtalast meir nedanfor. I lengdeaksen til den austlege stolperekka er det ei moderne forstyrring, men det er ikkje noko som tyder på at denne har øydelagt strukturar tilhøyrande huset.

Målt frå sentrum er avstanden mellom stolpane i breidda i dei fire parallelle para 1.54, 1.54, 1.56 og 1.52. Den relativt einskaplege avstanden vert tolka som at langsiden i huset har vore rette. I lengderetninga varierer avstanden mellom stolpane mellom 1.78 og 2.66 m. Avstanden frå stolpane og ut til sentrum av veggrilla på vestsida ligg på 2.0, 2.4 og 2.2 m. Frå stolpen 7-101 er avstanden ut til 7-92 Ø, tolka som forlenging av veggrilla, 2.6 m.

Ved rilla si avslutning i nordvest har det stått to stolpar, 7-13 og 7-14, som er trekt ut frå dei takberande stolpepara. Desse er ikkje del av den takberande konstruksjonen, men liknar mykje på dei ti takberande stolpane i størrelse, utforming og samansetting av fyllmassen. Avstanden mellom 7-13 og 7-14 er 1.1 m. Desse kan tolkast som stolpar i samband med ein inngang. Flata hadde i tillegg mange spor etter små stolpar eller staur. Kva funksjon desse har hatt er ikkje råd å avgjere, men det skal ikkje utelukkast at nokre av dei kan vere spor etter veggstolpar (jmf. fig.10), innandørs inndeling av huset, og anna. Ei anna muleg forklaring er at dei er spor etter hesjestaur av uviss alder. Tolkinga er vanskeleggjort av at det er mange liknande strukturar både innanfor og utanfor avgreinsinga til hus 7 og hus 8 som ligg like ved sida av, og sikre konklusjonar basert på desse strukturane let seg ikkje trekkje.

Det var ikkje spor etter eldstad i hus 7. Dette treng ikkje bety at huset ikkje har hatt bustadfunksjonar, ettersom eldstaden ofte ikkje blir påvist i hus frå eldre jernalder. Nokre har meint at dette kan forklarast ved at eldstaden har vore heva over golvplan, til dømes på eit leirefundament (Nordeide 2002 m/ref. til Løken). Ettersom det ikkje finst materielle spor etter slikt i hus 7 er dette vanskeleg å ta stilling til. Den vesle størrelsen på huset kan indikere at det ikkje nødvendigvis er til busetnad. I så fall kan det dreie seg om fjøs, lagerbygning, verkstad eller anna. Det kan nemnast at eit hus med store likskapstrekk og delvis samanfallande datering er påvist på Sjøholt i Møre og Romsdal. Hus IV på Sjøholt har fem takberande stolpepar og veggrille bevart i eine kortenden og dels på ei av langsiden, det er 16.5 m langt og 6 m breitt (Johannesen 2002).

| Strukturnr. | Form i plan | Lengde | Breidde | Sider i profil | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|-------------|---|--|----------|----------------|---------------------------------------|--------------------------|---|
| 7-01 | Veggrille, Avlang | Ca 12 m | 20-30 cm | Avrunda | Avrunda | 11 cm | Mørk grå grus- og sandblanda fyll |
| 7-23 | Stolpe/del av veggrille, Rektangulær avslutning på 7-01 | Ca 50 cm | 20 cm | Runda | N-pr: grunn, flat botn S-pr: ujevn | N-pr: 4 cm S-pr: 9 cm | Mørkgrå humushaldig sand |
| 7-92 Ø | Del av veggrille, Avlang, broten av vassledning | 1.56 m frå enden av struktur og fram til forstyrring | 30 cm | Avrunda | Avrunda | 12 cm | Grå sand- og grusbl. masse. Nestorstein |

Tabell 3. Strukturar tilhøyrande veggrille hus 7.

Veggrilla består av strukturane 7-01, 7-23 og truleg også 7-92Ø. 7-01 er tydeleg nedskåren i undergrunnen. 7-23 ligg i nordre enden av 7-01 og representerer truleg avslutninga av denne. Det er noko varierende djupnaden på veggrilla. Avstand til stolpen 7-101, orientering, og likskapar i snitta tyder på at 7-92 Ø er fortsetjinga av 7-01, men samanhengen er broten av ein nedgraven vassledning kan det heller ikkje utelukkast at 7-92 Ø og 7-92 V (sjå skildring nedanfor) har vore ein samanhengande struktur som ikkje har nokon relasjon med 7-01. Den austlegaste delen av 7-01 var noko skada av gjentatt avdekking og framrensing, men dokumentasjonen frå registreringa viser tydeleg at denne har gått heilt bort til vassleidningen (registreringsrapport s.9). Høgaste punktet på rilla, og på husflata, ligg i svingen i det sørvestre hjørnet. Som dreneringsgrøft kunne den ha leia vatn ut på to sider av huset og bort frå husflata.

| Strukturnr. | Tolking | Form i plan | Mål i plan | Sider i profil | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|-------------|-------------------|-------------------------|-------------------|---|--|-------------------------|---|
| 7-04 | Takberande stolpe | Rund | Diameter 26 cm | Skrår svakt innover | Flat | 25 cm | Mørkgrå til brungrå sand- og grusbl. jord |
| 7-06 | Takberande stolpe | Rund | Diameter 26 cm | Rett vestsida, austsida skrår svakt innover | Avrunda/flat | 35 cm. Stolpeavtrykk | Skoningsstein. Mørkgrå sandblanda jord. |
| 7-13 | Stolpe | Oval | 26x18 cm | Rett austsida, tilnærma rett vestsida | Flat | 18 cm | Muleg skoningsstein. Mørkgrå jord iblanda sand, grus og småstein |
| 7-14 | Stolpe | Langstrakt/oval | 52x26 cm | Rett austsida, vestsida skrånar svakt innover | Runda | 20 cm | Mørk grå sandblanda jord iblanda sand, grus og småstein |
| 7-16 | Takberande stolpe | Oval/kanta | 22x26 cm | Rette | Flat | 31 cm | Muleg skoningsstein |
| 7-21 | Takberande stolpe | Utflytande | 16x16 cm | Rett austsida, vestsida skrår svakt innover | Avrunda/flat | 32 cm | Sannsynleg skoningsstein. Mørkgrå sand- og grusblanda jord |
| 7-34 | Takberande stolpe | Oval | 10x12 cm | Rette | Flat | 24 cm | Mørkgrå til brungrå sand- og grusbl. jord |
| 7-35 | Takberande stolpe | Rund, diffus avgrensing | Diameter ca 20 cm | Rette | Svært utvaska, ikkje råd å avgjere forma på botn | Anslått til minst 20 cm | Gråbrun jord med sand, grus og småstein |
| 7-57 | Takberande stolpe | Oval | 28x16 cm | Rett vestsida, austsida skrår svakt innover | Avrunda/flat | 32 cm | Muleg skoningsstein. |
| 7-63 | Takberande stolpe | Tilnærma rund | Diameter 20 cm | Begge skrår svakt innover | Avrunda/flat | 27 cm | Mørk- til lysare grå jord iblanda sand, grus og småstein |
| 7-101 | Takberande stolpe | Rund/oval | 24x28 cm | Tilnærma rette | Avrunda/flat | 25 cm. Stolpeavtrykk | Mørkgrå jord |
| 7-102 | Takberande stolpe | Rund | Diameter 24 cm | Rett vestsida, austsida skrår svakt innover | Flat | 33 cm. Stolpeavtrykk | Flat stein i botn og muleg skoningsstein. Mørkgrå til brungrå jord m/sand, grus og småstein |

Tabell 4. Sikre stolpar i hus 7, serie A.

Fyllmassane var nokså einsarta i dei ulike stolpane i hus 7, mørk grå til gråbrun masse med sand, grus og småstein blanda inn. I 7-06, 7-101 og 7-102 ser det ut til å vere stolpeavtrykk.

Strukturen tolka som nordaustre hjørnestolpe, 7-35, er svært utvaska, men utforminga med ca 20 cm dybde, rette sider, og lokaliseringa i plan sannsynleggjer at dette er ein stolpe som tilhøyrer den takberande konstruksjonen i serie A. Dei andre stolpane har mindre preg av utvasking enn 7-35, men er likevel meir påverka av dette enn dei andre strukturane på flata. Dette tilhøvet er synleg på fotodokumentasjon der to strukturar tilhøyrande serie A og serie B ligg så tett at dei er dokumentert på same bilete (sjå fig.79).

Datering

Det er analysert to dateringsprøver frå hus 7. Fyllmasse i veggrilla er datert til kal 500-460, 430-360, 280-240 BC, tidleg til midtre del av førromersk jernalder (Beta-196175). Trekolet er artsbestemt til mest bjørk, noko eik og litt furu (sjå vedlegg). Fyllmasse frå stolpen 7-102 er datert til kal 400-200 BC, tidleg til midtre del av førromersk jernalder (Beta-202236).

Lokaliseringa til hus 7 og 8 gjorde det ikkje urimeleg å tru at dei kunne vere samtidige, dei ligg tett men overlappar ikkje. Det ser også ut til å vere strukturelle likskapar i måten dei er utforma på. Sett bort frå at veggrilla til hus 7 kan strekke seg oppover langs austsida av huset, er rillene nokså likt utforma og lokalisert i høve til stolpane i begge hus. Eit anna trekk som kan nemnast er at dei to sørlegaste stolpepara i hus 7 er horisontalt plassert på same måte som stolpepara i hus 8, det vil seie at stolpane i det andre stolpeparet sørfrå er forskyve i lengderetninga. Hus 8 har berre to stolpepar, men i hus 7 er dei andre stolpepara som nemnt parallelle. Kor vidt det asymmetriske stolpeparet i begge hus er tilfeldig eller reflekterer ein spesifikk funksjon er vanskeleg å meine noko sikkert om på nåverande tidspunkt. Likskapen i utforminga kan kanskje indikere større brukskontinuitet enn C14-dateringane frå husmaterialet fortel om. Dette synest også underbygd av daterte dyrkingslag på felt A.

Funn

I massen frå 7-102 vart det funne små brente beinfragment (B16207/2). I 7-23, 7-14 og 7-57 (B16207/1a-c) vart det funne fragment av brent leire, dette kan vere restar etter leirklining frå veggkonstruksjonen.

Andre strukturar på husflata

Det var fleire andre meir usikre strukturar på flata kring hus 7. Fire av dei synest å danne ein samanheng. I NV-SØ dannar strukturane 7-90, 7-10 og 7-30, eventuelt 7-28 ei mogleg rekkje av stolpar. Men den dannar ikkje eit hus. Tolkinga av desse som stolpar er særst usikker.


| Strukturnr. | Form i plan | Mål i plan | Sider i profil | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|---|---|------------|--|--------------|---------------|--|
| 7-07 | Stolpe, Utflytande | 70x48 cm | Austsida skrår innover, vestsida skrår langs ein stor stein | Avrunda | 25 cm | Mørk grå grus- og sandblanda jord |
| 7-10 | Stolpe, Rundoval | 46x32 cm | Runda, svakt innskrådde | Flat | 11 cm | Mørkgrå jord m/spreidde trekolfrg. |
| 7-17 | Stolpe, Rundoval | 50x42 cm | Runda, skrår innover | Avrunda | 16 cm | Mørkgrå jord |
| 7-28 (kan vere muleg veggstolpe i serie A) | Stolpe, Rund | 30x28 cm | Runda, skrår innover | Avrunda/flat | 9 cm | Mørkgrå grusblanda jord |
| 7-90 | Stolpe, Rundoval, utflytande | 58x40 cm | Rettt vestsida, avrunda austsida | Avrunda/flat | 14 cm | Mørkgrå jord |
| 7-92 V (jmf. skildring av 7-92 Ø ovanfor) | Veggrille?, Kutta av vassledning, opprinneleg form ukjent | 56x48 cm | Skrår innover | Flat | 10 cm | Mørk grå grusblanda jord |

Tabell 5. Strukturar ikkje tilhøyrande serie A på husflata til hus 7.


Funn

I massen frå 7-10 og 7-17 vart det funne brente beinfragment (B16210/7i-j). Det vart også funne eit flintavslag i ein mogleg struktur under 7-10 (B16202/25b). Tolkingane av begge desse strukturane er usikre. Flinten kan i alle høve vere redeponert og gjev ikkje grunnlag for å trekkje vidtgåande konklusjonar.


Hus 9



Figur 8. Hus 9 plan. Teikninga er orientert N-S. Str.539 er ikkje del av hus 9.



Figur 9. Snitt av eldstad S 535.



Figur 10. Snitt av takberande stolpar i hus 9.

Treskipa hus orientert NNV-SSØ med sikker vegggrille i sør og aust (S 541). På vestsida er fyllskifta for fragmentariske til å seie noko om kontekst. Lengda på huset kan anslåast til ca 11 m, og breidda til ca 5,5-6 m.

Den steinete grunnen kan forklare kvifor veggstolpar ikkje let seg påvise, eller også kan veggen ha vore bygd på ein måte som ikkje etterlet seg erkjennbare spor. Som tidlegare nemnt vart det heller ikkje påvist sikre veggstolpar til hus 7 og 8, der føresetnaden for bevaring av strukturar var betre. Nivellementa viser at også her ligg rilla på huset si overside i høve til fallretninga på flata.

Sju sikre stolpar vart påviste, den åttande er noko usikker. Den vestre rekka er meir intakt enn den austre, det manglar såleis parallelle stolpar til 9-03 og den usikre stolpen 9-05. To av stolpane, 9-08 og 9-10, ser ut til å ha blitt gjenfylt med store stein. Dette kan dreie seg om intensjonell gjenfylling, eller stein som har stått inntil stolpen kan ha falle nedi dersom stolpen har blitt fjerna. Steinen i 9-06 er mest sannsynleg skoningsstein (Figur 10. Snitt av takberande stolpar i hus 9.).

I dei tre stolpepara som kunne påvisast ligg avstanden i breidda rekna i par frå nord mot sør på 2.15, 2.2. og 2.2 m. Ut frå dette verkar det mest sannsynleg at langsidedene har vore tilnærma rette. I lengderetninga varierer avstanden mellom 0.8 og 2.45 m. Struktur 9-05 er grunnare enn dei andre og dermed noko usikker (jmf. fig.62). Etersom den ligg på rekkje med fire sikre stolpar blir den tolka som tilhøyrande denne rekkja. Ei muleg tolking er altså å forstå hus 9 som beståande av fem takberande stolpepar. Det er også mogleg at det ikkje har vore stolpar i rommet mellom 9-03/parallelstolpe og 9-06/9-10. Dette gir hus 9 fire stolpepar, der to og to par står saman. Avstanden mellom stolpane 9-06 og 9-03 er 3,25 m. Dette ville gi eit større rom i midten av huset. Dersom dette er rett tolka, liknar dette trekket ved hus 9 det Løken kallar dei særmerkte husa på Forsand (Nordeide 2002:50). Dei fleste av desse er frå perioden 100 BC – 200 AD, eldste del av dette tidsrommet er samanfallande med dateringa frå stolpen 9-06, sjå nedanfor. Hus 9 blir likevel ikkje oppfatta som identisk med denne hustypen, ettersom dimensjonane er

langt mindre. Dei særmerkte husa frå Forsand er mellom 22 og 50 m lange, medan hus 9 er rundt 11 m langt.

Inne på husflata til hus 9 låg ein eldstad, S 535. Massen inneheldt mykje skjørbrønt stein og fleire fragment av flate heller. Det var trekolkonsentrasjonar i flata, og eit kompakt trekolsjikt i botnen av strukturen. Eldstaden er plassert midt mellom to stolpar i eit par, og dateringsresultata tyder på at eldstaden høyrer til huset (omtast nedanfor). Som tidlegare nemnt er det ikkje uvanleg at eldstader i hus frå førromersk jernalder ikkje blir påvist. Der det er funne eldstad, er den ofte plassert mellom første og andre stolpepar (sjå Nordeide 2002:42). Rekna nordfrå ligg S 535 mellom stolpane i andre stolpepar, dette kan tyde på at enden av den takberande konstruksjonen er representert ved det nordlegaste stolpeparet 9-08/9-09.

| Strukturnr. | Form i plan | Mål i plan | Sider i profil | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|-------------|--|------------------------------|---|----------------|---------------|---|
| 9-01 | Stolpe, rund | 30x32 cm | Skrår innover | Runda | 23 cm | Mørkgrå trekolblanda sand |
| 9-02 | Stolpe, Oval, ligg inntil ein stor stein på vestsida | 35x28 cm | Skrår innover | Runda | 19 cm | Som 9-01 |
| 9-03 | Stolpe, Rund | 26x24 cm | Skrår svakt innover | Tilnærma flat | 28 cm | Som 9-01 |
| 9-05 | Stolpe, Kantete | 30x30 cm | Vestsida noko utflytande, austsida runda innover mot botn | Uregelmessig | 13 cm | Som 9-01, iblanda noko leire |
| 9-06 | Stolpe, Oval | 16 cm i diameter | Skrår svakt innover | Flat | 25 cm | Mørk grå trekolblanda sand, trekolkonsentrasjon |
| 9-08 | Stolpe, Rund | 18 cm i diameter | Skrår svakt innover | Flat | 20 cm | Mørk grå trekolblanda sand |
| 9-09/538 | Stolpe, Rund | 19 cm i diameter | Rette/uregelmessige | Avrunda/flat | 29 cm | Mørk grå trekolblanda sand, mørkare i nederste del. |
| 9-10 | Stolpe, Oval | 32x29 cm | V-sida rett, Ø-sida skrår svakt innover | Flat | 31 cm | Trekolkonsentrasjonar |
| S 535 | Eldstad, Rund | 76x86 cm | Avrunda | Arunda/flat | 10 cm | Mørk grå trekolblanda sand, trekolkonsentrasjon |
| S 541 | Veggrille, Avlang, boga | Lengde ca 9 m, 25-40 cm brei | Skrå | Avrunda V-form | Ca 10 cm | Sandblanda, mykje trekol |
| | | | | | | Mørk gråbrun grus- og sandblanda jord |

Tabell 6. Takberande stolpar, eldstad og veggrille i hus 9.

Datering

Det er analysert to dateringsprøvar frå hus 9. Masse frå stolpen 9-06 er datert til kal 380-60 BC, førromersk jernalder (Beta-196174). Prøven er gjort på organisk sediment. Trekol frå eldstaden S 535 er datert til kal 780-170 BC (Beta-202237), yngre bronsealder/førromersk jernalder.

Funn

Små mengder brente bein i 9-02 og 9-09 (B16208/5a-b). I veggrilla S 541 vart det funne både ubrent og brent bein, og ubrent og brent leire (B16208/1-4).

Groper på husflata

I tillegg til S 535 var det på husflata til hus 9 to groper, S 533 og S 534 (sjå oversiktsteikning). Kva relasjon desse har til huset, er ikkje eintydig. Sjølv om dei berande stolperekkjene ikkje er fullstendig bevart, ser lokaliseringa av gropene ikkje ut til å vere i konflikt med desse. Dei kan såleis vere samtidige med huset, og reflektere aktivitet som har gått føre seg der. Ingen av desse strukturane er C14-datert.

| Strukturnr. | Tolking | Form i plan | Mål i plan | Sider i profil | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|-------------|--|-------------|------------|----------------|------|---------------|---|
| S 533 | Steinfylt grop | Rund | 65x60 cm | Runda | Flat | 13 cm | Brun jordblanda sand. Trekolkonsentrasjonar. Truleg skjørbrend stein. |
| S 534 | Steinfylt grunn grop. Fragment av kleberstein. | Oval | 72x44 cm | Skrå | Flat | 4 cm | Gråbrun leirblanda, jordhaldig sand |

Tabell 7. Groper på husflata til hus 9.

I S 534 vart det funne ein glasert klump av samanbrent stein, leire, sand og slag (B16210/5). Ved snitting vart det notert at det var fleire fragment av kleberstein i same gropa. Kleberstein kan nyttast til å lage støypeformer til metallstøyping. Fragmenta i S 534 viste ikkje teikn til bearbeiding, og vart ikkje samla inn. Kleberfragmenta og den samansmelte klumpen reflekterer truleg spor etter bearbeiding av metall, leire eller begge deler. Glasering av leira skjer ved høgare temperaturar (900-1000 grader Celsius) enn ein kan oppnå i ein open eldstad. Funnet tyder såleis på at det har føregått aktivitet som kravde høg temperatur, truleg i ein lukka omgjeving med god kontroll på lufttilførsel (Engedal pers.med.). Etersom S 534 var grunn og inneheldt lite trekol, har denne aktiviteten truleg gått føre seg ein annan stad.


Innhegningar

Innhegning str. 1

Struktur 1 er definert ved ei leirehaldig flate på ca 20x5 m, omtrent midt på feltet. Mot utkantane har massen meir karakter av grøn silt enn leire. Området skilde seg ut frå resten av flata, som var sand- og grushaldig. Leira syntest avgreinsa i sør av eit belte av stein, som i utgangspunktet var tolka som søndre veggvoll i eit hus 1. Ein del av leireflata var fanga inn i registreringssjakt 7, og tolka som innsida av huset. Nokre stolpar vart påvist rundt leireflata, men ikkje sikre stolperekker. Leireflata er tolka som innhegning etablert på ein naturleg leirerygg. Størstedelen av steinvollen på sørsida av S 1 ser ikkje ut til å vere nedgraven i undergrunnen, men er truleg resultat av naturlege prosessar. Dette fenomenet kan ein likevel ha nytta som ei naturleg avgrensing av innhegninga, og bygd vidare på med stolpar. Rundt S 1 ligg det ein del strukturar, mellom anna kraftige stolpar og groper. Også på leireflata er det påvist nokre sannsynlege stolpe- og staurspor. Det verkar sannsynleg at stolpane rundt kan ha vore del av ei inngjerding rundt flata. Stolpane som ligg inne på sjølve leireflata er av mindre størrelse enn dei som ligg rundt og kan vere spor etter pålar til å tjøre dyr i, og/eller spor etter enkle overbygg for å beskytte buskapen mot vør og vind. Kva strukturar som tilhøyrer innhegninga er vanskeleg å skilje ut. Strukturane i dette området er difor presentert i dei to tabellane 11 og 12 som omfattar groper, lause stolpar og fyllskifte generelt på feltet.

Ved snitting av strukturar utover på feltet viste det seg å vere ei blanding av silt og leire i varierende djupn under sanda og grusen, dette viser godt i dokumentasjon av snitt frå ulike delar av feltet. Det er muleg at dyretråkk i eit avgrensa område har gjort leira meir opptrakka og synleg akkurat i innhegninga. Snitt som er gjort i strukturar på leireflata viser leire oppblanda med sand og grus, så noko form for påverknad har den blitt utsett for.

S 1 kan vere sekundær i høve til S 657, men relasjonen mellom dei er ikkje eintydig. Endringa av bruken kan ha skjedd gradvis utan å etterlate erkjennbare brot i materialet. Resultata av C14-datering tyder på at dei to strukturane kan vere delvis samtidige.



Figur 11. Døme på strukturar og fyllskifte rundt S 1.

Datering

Eit flak bestående av svært trekolhaldig masse, S 566, midt på leireflata S 1 er datert til kal 380 til 160 BC (Beta-198119). Relasjonen mellom S 1 og S 566 er diskutabel, men dateringa indikerer i alle fall ei muleg datering også av aktiviteten på S 1.

| Strukturnr. | Tolking | Form i plan | Mål i plan | Sider | Botn | Største dybde | Fyllmasse |
|-------------|------------|--------------|-------------|-------|------|---------------------------------|-----------|
